



Universitetet
i Stavanger

FAKULTET FOR UTDANNINGSVITSKAP OG HUMANIORA

MASTEROPPGÅVE

Studieprogram:

Lektorutdanning for trinn 8-13, fordjupning i
nordisk/lesevitenskap

vårsemesteret, 2023

Open

Forfatter: Marcus Sele Samuelsberg

(signatur forfatter)

Rettleiar: Klaus Johan Myrvoll

Tittel på masteroppgåva: Språklege arkaismar i eit utval norske mellomalderballadar

Engelsk tittel: Linguistic Archaicisms in a Selection of Norwegian Medieval Ballads

Emneord: mellomalderballadar, folkeviser,
arkaisme, gamalnorsk.

Tal på sider: 74

+ vedlegg/anna: 33

Stavanger, 16.5.2023

Språklege arkaismar i eit utval norske mellomalderballadar



Innholdsliste

1 Innleiing	5
2 Teori	7
2.1 Historia åt balladeforskinga	7
2.2.1 Endringar frå gamalnorsk til nynorsk	10
2.2.2 Fonologi	11
2.2.3 Morfologi	12
2.2.3.1 Bøying av substantiv	12
2.2.3.2 Bøying av verb	13
2.2.3.3 Syntaks	13
2.2.4 Ordtilfang og påverknad frå grannemåla	14
2.3 Språkdrag ved telemålet	15
2.4 Overlevering av balladane	16
2.5 Arkaismar	18
2.6 Stutt utgreiing om korleis balladetekstene vert siterte	19
2.7 Balladespråket	19
2.7.1 Sjanger	19
2.7.2 Tematisk kategori og visetype	20
2.7.3 Lokal tradisjon og kvedarane	21
2.7.4 Oppskriftene	22
2.7.5 Er oppskriftene pålitelege?	23
2.8 Forma åt balladen	29
3 Tekstmateriale og metode	30
3.1 Materialet og utvalet	30
3.1.1 Dei ulike kjeldene til balladetekstene	30
3.1.2 Oppsummering av handlinga i balladane i utvalet	34
3.1.3 Om utvalet	35
3.2 Metode	38
4 Gjennomgang av språkdrag	39
4.1 Gamalnorske drag	39
4.2 Adjektiv på <i>-an</i>	40
4.3 Arkaiske einskildord og frasar	42
4.4 Arkaiske stadnamn og personnamn	45
4.5 Bøying av verb i tal og modus	49
4.6 Kasus	51
4.6.1 Dativ fleirtal	52
4.6.2 Dativ hankjønn eintal	53
4.6.3 Dativ hokjønn eintal	54
4.6.4 Dativ inkjekjønn eintal	56
4.6.5 Adjektivet <i>breiðum</i>	56
4.6.6 Møtdøme på bruk av kasus	57
4.7 Eigedomsord føre substantiv i bunden form	58
4.8 Anna	61
4.8.1 Innskoten vokal	61
4.8.2 Innskotne formelfrasar og -vers	62
4.8.3 Syntaktiske strukturar	62
5 Resultat	64

5.1 Kvalitative funn	64
5.2 Ein lang endringsprosess	64
6 Vidare drøfting	66
6.1 Den poetisk-metriske kvaliteten	66
6.2 Språkleg leik og arkaisering	67
6.3 Kor konsekvente er arkaismane?	68
7 Konklusjon	70
8 Litteraturliste	72
9 Biletliste	75
Vedlegg:	
Vedlegg I: Oversyn over oppskrifter av Bendiksvisa frå Balladearkivet	
Vedlegg II: Oversyn over oppskrifter av Hemingsvisa frå Balladearkivet	
Vedlegg III: Oversyn over oppskrifter av Rolandsvisa frå Balladearkivet	
Vedlegg IV: Oversyn over oppskrifter av Falkvorsvisa frå Balladearkivet	
Vedlegg V: Bendiksvisa frå <i>Norske Folkeviser</i>	
Vedlegg VI: Hemingsvisa frå <i>Norske Folkeviser</i>	
Vedlegg VII: Hemingsvisa frå <i>Gamle norske Folkeviser</i>	
Vedlegg VIII: Rolandsvisa frå <i>Norske Folkeviser</i>	
Vedlegg IX: Falkvorsvisa frå <i>Norske Folkeviser</i>	

1 Innleiing

«Rundt om i vort Land leve i Folkets Minde Viser, som have gaat fra Mund til Mund gjennom Aarhundreder; ingen Landsdel eier saa stor Rigdom af dem, som övre Telemarken.»

Sophus Bugge (*Gamle norske Folkeviser*, 1858, s. iii)

I og kring Telemark har ein fleire hundre år gamal visetradisjon halde fram. Men i kor mange hundre år? På midten av 1800-talet gjennomførte Sophus Bugge (1833–1907), M. B. Landstad (1802–1880) og fleire andre eit stort innsamlingsarbeid. Landstad (1853, s. iv) samanliknar arbeidet sitt med «at redde et gammelt Familjesmykke du af det brændende Huus». For fyrste gong skulle folkevisene systematisk festast i skrift slik at dei ikkje skulle gå tapt. Mellom desse visene finst dei sokalla mellomalderballadane. Namnet «mellomalderballade» kan vildra. Desse balladane finst ikkje i oppskrift frå mellomalderen. Det finst nokre fåe oppskrifter frå 1500-talet til med 1700-talet, men brorparten – ja, mest alt – vart samla inn og skrive opp i den siste halvta av 1800-talet. Etter Bengt R. Jonssons teori vart balladane til på slutten av 1200-talet og tidleg på 1300-talet, særleg i perioden 1280–1350 (jf. Bø og Myhren, 2002, s. 25). Dei må då opphavleg ha vorte til på gamalnorsk, og gjennom historia har språket i dei endra seg i takt med samtidsspråket.

Problemstillinga mi er den fylgjande:

Kva finst av språklege drag og arkaismar i eit utval norske mellomalderballadar som peikar på at desse vart til i gamalnorsk tid?

I oppgåva vil eg sjå på eit utval norske mellomalderballadar i oppskrift frå Telemarksområdet frå 1840-åra til og med 1922. Utvalet vil ta utgangspunkt i dei prenta samlingane åt Bugge og Landstad og i oppskriftene som finst transkriberte i Balladearkivet av 1997. Eg vil fyrst og fremst sjå på språklege drag og arkaismar som vitnar om opphavet, men eg vil òg visa til historiske, kulturelle og religiøse tilhøve der det fell naturleg. Dinest vil eg freista å forklåra korleis og kvifor desse arkaismane har kome til, både ved å sjå på indre og ytre mekanismar.

Metoden eg har valt, er kvalitativ. Eg skal gå gjennom alle arkaismane eg har funne, kommentera dei undervegs og greia ut om dei einskilde språkdraga.

Balladane eg vil undersøkje, er «Bendik og Årolilja» (TSB-nummer D432), «Roland og Magnus kongen» (E29), «Hemingen og Harald kongen» (E3) og «Falkvor Lommansson» (C15). Desse finn ein i dei prenta samlingane åt både Bugge og Landstad og dessutan finst dei i mange oppskrifter som har vorte tilgjengelege gjennom Balladearkivet. Dei mest fullkomne oppskriftene er lange og gjev oss dimed ei stor mengd tekst å arbeida med. Somme oppskrifter har berre éi strofe eller til og med berre ein del av ei strofe. Visene i dette utvalet er nokso typiske for sin kategori. Det finst moderne framføringar og innspelingar av alle desse fire balladane, som ein lett kan finna ved eit søk på internett. Røynsla mi er òg at desse – særleg «Bendik og Årolilja» – har vorte nytta i norskundervising som gode døme på norske folkeviser. Tekstene i desse moderne innspelingane er versjonar sette saman på grunnlag av fleire oppskrifter, og dimed får dei ikkje fram breidda og variasjonen som finst i balladetekstmaterialet. Dei er òg ofte kraftig språkleg normerte opp mot gjeldande nynorsk skriftnorm, men gjerne noko inkonsekvent for å lyfta fram somme dialektdrag eller språkdrag.

2 Teori

2.1 Historia åt balladeforskinga

Det var den danske forskaren Svend Grundtvig (1824–1883) som la grunnlaget for den nordiske balladeforskinga. Kategoriane og balladetypane han innførte i det systematiske verket *Danmarks gamle Folkeviser*, fylgjer ein meir eller mindre i dag. Teoriane hans om opphavet åt og overleveringa av balladane la føringar for forskinga i over eit hundreår. Han var overtydd om at den nordiske balladesjangeren kom frå Danmark og spreidde seg vidare derfrå (Jonsson, 1991, s. 54). Han reknar òg balladesjangeren for å vera særst gamal; fleire balladar vil han tidfesta til 1000-talet eller tidlegare, ja, somme heilt attende til 500-talet (Jonsson, 1991, s. 55). Kjempevisene, som er attforteljingar av kjende norrøne soger, tykkjer han er dei eldste (Jonsson, 1991, s. 55). Erik Sønnerholm (1928–1988) går langt andre vegen og kallar den nordiske balladen eit produkt av det syngjande hoffet åt Christian III (Jonsson, 1991, s. 53). Med andre ord meiner han at balladen vart til i Danmark på 1500-talet, og at dei skriftlege kjeldene frå den tida ikkje representerer ei lang historisk overlevering (Jonsson, 1991, s. 53). I analysen til Jonsson er teorien åt Sønnerholm ein overreaksjon, men han kastar ljøs over kjeldeproblematikken.

Seinare forskning har vist norsk innverknad på danske trollviser, og Knut Liestøl (1881–1952) stadfeste at trollvisene var vestnordiske (Jonsson, 1991, s. 59). Han tidfester desse visene til kringom 1300 (Jonsson, 1991, s. 59). Jonsson skriv at om ein ser bort frå Grundtvig og dei som fylgjer han, har den vanlege oppfatninga på fagfeltet vore at den nordiske balladesjangeren oppstod på 1200-talet ein gong.

Lenge tenkte ein at balladesjangeren var heilnorsk og sprang ut av den norrøne lyriske tradisjonen, kan henda med påverknad frå den skotske og engelske balladetradisjonen. Johannes Steensrup (1844–1935), og andre etter han, har gjeve prov på at dei nordiske balladane har førebilete i dei franske høviske *chansons de toile* eller *chansons d'histoire*¹ (Jonsson, 1991, s. 59). Han er dimed ikkje isolert, men står i ein større

¹ «Vevsongar», kalla so av di dei vart tradisjonelt sungne av koner medan dei vov.

europesk kontekst. Ein kan seia at den nordiske balladen er eit resultat av møtet mellom nordisk og europeisk kultur i mellomalderen.

Grundtvig meiner òg at dei historiske balladane må ha vorte til tett opp til den historiske hendinga (Jonsson, 1993, s. 443). Etter hans syn må desse kallast samtidshistoriske balladar. Som so mykje anna hjå Grundtvig har òg dette vorte utfordra. Tanken om at folk kan ha laga balladar om historiske hendingar i tidlegare mannsaldrar, er meir akseptert i dag. Likevel meiner Jonsson (1993, s. 444–445) at det ikkje kan vera tale om so store sprang i tid.

Colbert (1999, s. 279) oppsummerte stoda i balladeforskinga i 1993 slik: Balladane har førebilete i dei franske høviske visene, som vart sungne som danseviser. Jonsson argumenterer sterkt for at balladesjangeren oppstod ved det norske hoffet i 1280- og 1290-åra (Jonsson, 1991, s. 59). På den tida var det nokso tett samband mellom både dei norske, svenske og danske kongelege og hoffa deira.

Sidan må balladane ha spreitt seg frå hoffet til ålmenta og vorte overleverte munnleg i fleire hundreår. Og då var det i Øvre Telemark at denne munnlege tradisjonen heldt seg lengst. Ein har gjerne sett føre seg at dei spreidde seg hjå ålmugen fyrst etter at dei ved det kongelege hoffet hadde gått lei av balladane. Med andre ord tenkjer ein seg at balladane byrja som høgkultur mellom dei lærde og verdsvane ved hoffet før det vart folkekultur mellom bønder som ikkje kunne lesa og skriva. Eit slikt syn gjer kvedarane fyrst og fremst til tradisjonsformidlarar og ikkje -skaparar, og ein har vorte meir varsam med å slå dette fast som sant i dag.

Fleire balladar i det norske materialet har tydeleg kome inn frå dansk og svensk. Anten oppstod desse balladane i Danmark og Sverige, eller so oppstod dei i Noreg, spreidde seg til Danmark og Sverige og kom sidan inn att i norsk tradisjon. Båe teoriane er moglege, og båe delane har mest sannsynleg hendt.

For historiske viser er det nokso lett å etablere kva som er det tidlegaste moglege tidspunktet for komposisjon. «Falkvor Lommansson» handlar om Folke Algotssons brurerov i 1288 (Jonsson m.fl., 1978, s. 67). Vart balladen til stutt tid etter sjølve brurerovet, gjer det han til ein av dei eldste balladane i dette utvalet og truleg i heile det

norske balladematerialet. Med «stutt tid» meiner eg her i laupet av den slektleden som opplevde brurerovet i 1288, altså innan 1310.

Kjempevisene kan òg ha historisk innhald og visa til sogelege personar og hendingar, men som regel er fråstanden i tid og stad mellom balladen og dei historiske hendingane so stor at dateringa av hendingane ikkje er relevant for tidfesting av opphavet til balladen. Ofte er dei attforteljingar av eldre og kjende soger. «Roland og Magnus kongen» skildrar slaget ved Roncevalles i 778 mellom Karl den store og baskarane. Visa er ei attforteljing av slaget slik ein finn det i *Af Runzivals bardaga* frå den gamalnorske *Karlamagnús saga*, som sjølv er ei attdikting av den franske segna *Le Chanson de Roland* frå 1100-talet. Frå slaget ved Roncevalles til «Roland og Magnus kongen» har det hendt mange og store endringar, so den endelege balladen har liten historisk verdi og seier lite om den historiske Karl den store.

Bugge (1858, s. 2) tykkjer at kongen i «Hemingen og Harald kongen» må vera Harald Hardråde (1015–1066), ein påstand som er lett å underbyggja. Balladen sjølv er ei attfortelling av *Hemings þáttr Áslákssonar* eller Hemingstáttan. Tåtten er kjend frå Flatøyboka, som er frå slutten av 1300-talet, men sjølv tåtten kan vera ein god del eldre. Tåtten handlar om tevlingar mellom Harald Hardråde og Heming. Dimed ser ein at datering av sjølv sogene er meir til hjelp til dateringa denne typen folkeviser. I kor stor grad visa kviler på sogeteksten, og i kor stor grad ho kviler på ein munnleg tradisjon som fanst før saga vart skriven ned, er vanskeleg å seia. Men no er det den nedskrivne saga me har, og det er berre den me kan forska på. Landstad (1853, s. 186) ser for resten ein samanheng mellom denne visa og forteljinga om Harald Blåtann og Palnatoke som ein finn hjå Saxo Grammaticus (ca. 1160–1220), i bokverket hans om historia åt danane.

«Bendik og Årolilja» er ein riddarballade. Tematisk står denne balladen og riddarballadane i det heile nær dei franske høviske riddarvisene, *chansons de toile*. Difor er det vanleg og rimeleg å tenkja at riddarballadane er dei eldste. «Bendik og Årolilja» byggjer truleg ikkje på ei historisk soge eller hending, men er inspirert av eller basert på desse franske riddarvisene. Viktige tema her er forboden kjærleik på tvers av sosiale lag, tilhøvet mellom plikt og eigen vilje, sameining i døden og anger og

omvending i namnet åt kjærleiken – tema som enno er populære i litteratur og lyrikk, jamvel i dag.

Dersom desse visene vart til på 1200- og 1300-talet, vart dei til på yngre gamalnorsk mål. Opp gjennom hundreåra har målet i dei endra seg i takt med målet elles, inntil dei vart skrivne ned på nynorsk mål på 1800-talet. Men endringa har ikkje vore fullkomen eller konsekvent. Det finst ord, uttrykk, grammatiske former og syntaktiske strukturar som har halde seg, jamvel om dei har gått ut or målet elles. Det er dette eg meiner med *arkaismar*. Oppgåva mi handlar ikkje om å tidfesta sjølve balladane til 1200–1300-talet, men å røkja etter om det er gamalnorske arkaismar i dette utvalet av balladar. Jamvel om den nordiske balladen som sjanger kan sporast so langt attende i tida, vil det ikkje naudsynleg seia at nett desse balladane kan vera frå denne tida. Det er godt mogleg at dei vart til seinare, og at dei lånte språklege drag frå eldre balladar. Likevel tykkjer eg, som eg vil gjera greie for lenger nede, at balladane i dette utvalet er i ein viss mon representative for sjangeren, og at dei trygt kan plasserast i den tidsperioden då sjangeren var på det mest levande stadiet.

2.2.1 Endringar frå gamalnorsk til nynorsk

Det norske språket har endra seg mykje dei seinaste tusen åra. Av omsyn til plassen vil berre dei endringane som er mest relevante for balladeforskinga, verta nemnde.

Gamalnorsk er nemninga på det målet som vart tala i Noreg i perioden 1000–1350 e.Kr. (Indrebø, 1951, s. 32). Gamalnorsk tid er den yngre helvta av *den norrøne tida* (800–1350 e.Kr.). *Norrønt mål*, som eit målgeografisk omgrep, femner om meir enn berre Noreg og inkluderer Island og målet på vesterhavsoyane, mellom anna Færøyane, Orknøyane og Hjaltland (Shetland). Hjø Indrebø (1951, s. 32) er *nynorsk* nemninga på det norske målet frå 1525 og fram til i dag. Ettersom balladeoppskriftene er frå midten og den siste helvta av 1800-talet, vil omgrepet *nynorsk* fyrst og fremst visa til det norske talemålet på 1800-talet. Det må ikkje blandast saman med det moderne norske skriftspråket med røter til arbeidet åt Ivar Aasen. Utviklinga åt det nynorske talemålet frå 1900 og fram til i dag vil ikkje vera relevant for denne etterrøknaden. *Mellomnorsk* er då naudsynleg det norske målet i perioden 1350–1525.

Frå gamalnorsk har me eit stort og rikt tekstmateriale og mykje litteratur. Det same kan ein ikkje seia om mellomnorsk. I mellomnorsk tid kom dansk i bruk som det einaste språket i kyrkje og stat og tok til å verta bokspråket i landet. Det vantar på eit rikt og mangfaldig mellomnorsk tekstmateriale. Dessutan veit ein at det var ei ustø tid med mykje endring i talemålet. Det er lett nok å sjå kva som har endra seg frå gamalnorsk til nynorsk, men det er vanskeleg alltid å stadfesta kvar og når endringane har hendt. Slik sett er namnet «mellomnorsk» særskilt råkande: Det er det norske språket mellom to norske språk, overgangen frå eitt språksystem til eitt anna. Difor vil samanlikningane i denne oppgåva fyrst og fremst vera mellom gamalnorsk og nynorsk, med innspel frå mellomnorsk der ein kjenner til det.

2.2.2 Fonologi

Gamalnorsk hadde både lange og stutte trykksterke stavingar. Indrebø (1951, s. 220) seier at gamalnorsk verslære bygde på strenge reglar for stavingslengd. I overgangen frå gamalnorsk til mellomnorsk hende den sokalla *kvantitetsomleggjinga* eller kvantitetsombrøytet: Alle stutte trykksterke stavingar vart lange, som regel ved at vokalen vart lengd. Eit døme er gamalnorsk *þak* n. ‘tak’ /þak/ som vart til *tak* /ta:k/. Like eins vart overlange stavingar avstytte so dei berre vart lange. Eit døme på det er *nátt* f. ‘natt’ /na:t:/ (eller /nɔ:t:/) som vart til *natt* /nat:/. Denne prosessen tok lang tid, men tok til nokso tidleg, somme stader so tidleg som på slutten av 1200-talet (Indrebø, 1951, s. 221).

Den praktiske konsekvensen var at no var alle trykksterke stavingar lange og alle trykksvake stavingar stutte. Omleggjinga hadde ført til eit samband mellom stavingstrykk og stavingslengd som ikkje fanst før. I folkediktinga var ein nok mindre oppteken av fullverdige rim og talet på stavingar, slik kunstdiktinga var, jamfør *knittelvers* og salmediktinga (Lie, 1967, s. 142–143), som lét seg meir inspirera av klassisk og latinskspråkleg lyrikk. Omleggjinga må likevel ha endra tilnærminga til poesi og oppfatningar om kva som «høyrest godt ut». Målet fekk ein ny rytme.

Det var òg ei *kvalitetsomleggjing* eller eit kvalitetsombrøyte, der dei stutte vokalane vart opne. Dei fremre lange vokalane som *í* og *é* heldt seg so, medan *ó* og *ú* vart trongare. Eit døme Indrebø (1951, s. 222–223) kjem med, er dei gamalnorske orda *stóll* m. ‘stol’ og

stokkr m. ‘stokk’. På gamalnorsk var vokalen lik, berre med ulik lengd: /sto:l/ og /stok:r/. På nynorsk er det tale om to ulike vokalar: *stol* /stu:l/ og *stokk* /stok/.

I mange tilfelle har trykklett vokal vorte redusert til *e*: *hestarnir* har vorte *hestane*, og *borgirnar* har vorte *borgene*. Bøying av adjektiv har vorte forenkla, og mange fleire av dei bøygde formene endar no på *e* eller *a*. I dei fleste høve har *r* i utljod kvorve, som døma *hestane* og *borgene* ovanfor viser.

2.2.3 Morfologi

I mellomnorsk tid, frå slutten av 1300-talet og særleg etter kringom 1450, hende det mange og store endringar i heile det gamalnorske grammatikksystemet. Det galdt kasusbøying av nomen og pronomen og bøying av verb i person og tal. Ja, Indrebø (1951, s. 214) går so langt at han seier at «eit ofselegt rot med bøyging og former» er eit særmerke ved mellomnorsk. Med andre ord var det ei ustø tid som førte til ei kraftig forenkling av heile det grammatiske systemet.

2.2.3.1 Bøying av substantiv

I substantivbøyinga fall nominativ og akkusativ saman. Indrebø (1951, s. 249) kallar denne nye fellesforma for hovudforma. Både gamal nominativ og gamal akkusativ kunne verta hovudform. I mange dialektar fall dativ saman med akkusativ. Denne samanfalne forma kan ein kalla oblik form. Dinest vart hovudforma den einaste forma.

På slutten av mellomnorsk tid vann genitivsendinga *-s* fram som ålmenn ending for alle substantiv, som på svensk og dansk, i alle fall litterært. I talemålet kvarv genitiv på slutten av mellomnorsk tid (Indrebø, 1951, s. 250). Ein kan diskutera om genitivsmerket *-s* i dag røyndeg har funksjonen åt genitivkasus eller om det berre er eit eige ord som er eit klitikon. Likevel er det ingen tvil om at den fullverdige genitivsbøyinga var stort sett heilt borte innan nynorsk tid, og at ho berre finst i somme faste uttrykk, vendingar og stadnamn.

I det heile vart fleire gamalnorske kategoriar omstøytte. I mange tilfelle kvarv den gamalnorske forma, og ord fekk nye former gjennom analogi. Stundom gjorde det til og med at ord endra grammatisk kjønn.

2.2.3.2 Bøying av verb

Ved inngangen til nynorsk tid bøyde ein verba berre i eintal og fleirtal og ikkje lenger etter person, til dømes *å taka: tek(er)* i heile eintal og *taka* i heile fleirtal, ubunde av person (Indrebø, 1951, s. 256). Lengst heldt fleirtalsbøyinga seg i presens av både sterke og linne verb, og det var eit levande språkdrag i Setesdal og delar av Telemark på 1800-talet. Ja, til og med i dag finst det i dialektane der og i Hallingdal og Valdres, jamvel om dei òg her er på veg ut av talemålet (Skjekkeland, 2005, s. 136). Bøying av sterke verb i fleirtal i preteritum heldt seg òg inn i nynorsk tid, men ikkje like godt.

Sterke verb var tostava i preteritum og presens fleirtal, men med bortfallet av fleirtalsbøyinga har dei vorte einstava. Eitt døme er (dei) *finna*, (dei) *fundu*, som i nynorsk har vorte (dei) *finn*, (dei) *fann*. Nynorske linne verb av typen *kasta*, *a*-verba, hadde på gamalnorsk «springande trykk» eller forma til ein daktyl med éi trykksterk staving fylgd av to trykksvake stavingar: *kastaði*, *kallaði*. På nynorsk fekk dei forma åt ein troké: *kasta*, *kalla* (Indrebø, 1951, s. 226). Dette hende då *ð* kvarv, og gjekk til so: *kastaði* vart til *kastae* som so vart til *kasta*. Som tilfellet er so ofte elles, har fleire av desse formene eksistert ved sida av kvarandre. Alt kringom 1200 var *ð* ustø i denne posisjonen, mellom to trykksvake vokalar (Indrebø, 1951, s. 227).

Bortfall av kasus og av bøying av verb etter person og tal har gjort at ein har mist fleire morfologiske endingar som ein før kunne rima. Bortfall av kasus gav òg ei mindre fri ordstilling, jamvel om ein i poesien har tillate friare ordstilling.

2.2.3.3 Syntaks

På gamalnorsk var det dei grammatiske bøyingane som viste tilhøvet mellom dei ulike ledene i setningane. Det fanst naturleg nok somme rekkjefylgjer av syntaktiske leder som vart nytta framom andre, men med eit vel utbygt kasussystem var det mykje større fridom. Då kasussystemet gjekk i oppløysing i mellomnorsk og nynorsk tid, vart setningsoppbyggnaden mykje fastare, og det vart mindre rom for varierte strukturar (Indrebø, 1951, s. 257–258). Småord som preposisjonar fekk òg ei viktigare stilling. Ein nytta preposisjonsfrasar der ein tidlegare ville ha nytta ein substantivsfrase i til dømes dativ.

Gamalnorsk hadde ikkje ubunden artikkel (*ein, ei, eitt*), men dette voks fram i mellomnorsk. Bruken av etterhengd artikkel for å syna binding auka òg med tida. I mange samanhengar der dette var unaudsynleg på gamalnorsk, vart det no påbode på mellomnorsk og eldre nynorsk. Indrebø (1951, s. 259) kallar dette «syntaktiske nyovringar». Det er òg på dette tidspunktet «garpegenitiv» eller omskriving av genitiv med pronomenet *sin* kjem inn i språket.

2.2.4 Ordtilfang og påverknad frå grannemåla

Ordtilfanget har endra seg, og nynorsk har mange fleire ord henta frå dansk og mellomlågtyisk. Frå 1200-talet byrja tysk mål å påverka norsk gjennom handel og varebyte, og etter om lag 1350 vart påverknaden mykje sterkare (Indrebø, 1951, s. 168). Påverknaden varte gjennom heile den mellomnorske tida og inn i nynorsk tid og var på sitt sterkaste på 1400–1500-talet (Indrebø, 1951, s. 169). Påverknaden kom frå lågtyisk og ikkje høgtysk og kunne koma både beinveges frå tysk og gjennom dansk eller svensk. Ikkje berre einskildord kom inn, men òg ordlagingsselement som *-are, -inna, an-, be-, -heit* og *-else*. Stundom kunne skrivarar nytta det norske ordet og framandordet saman, i uttrykk som «heider og ære» og «frelse og friheit» (Indrebø, 1951, s. 171). Norsk mål vart likevel mindre påverka enn både dansk og svensk i mellomnorsk tid.

Frå om lag 1390 tek den danske påverknaden til (Indrebø, 1951, s. 186). Det hender fyrst i kongebreva. Frå kringom 1525 vart dansk det rådande skriftspråket i landet, og utetter i dette hundreåret kvarv norsk som eit sjølvstendig og offentleg skriftspråk (Indrebø, 1951, s. 206–207). Det «kongelege målet» var i utgangspunktet eit reint skriftspråk som eksisterte utanføre det norske talemålet (Indrebø, 1951, s. 148). Med tida vart dette likevel eit utgangspunkt for eit dana talemål. Skrivne tekster har òg påverka talemålet, og nordmenn møtte dansk skriftspråk gjennom lesing og høgtlesing av Bibelen, huspostillar og andaktsbøker og seinare gjennom skulen.

Når det gjeld folkevisene, finst det i balladetekstmaterialet balladar som kjem frå dansk og jamvel er overleverte i dansk form. Det gjeld ikkje balladane i utvalet i denne oppgåva. Alle dei fire balladane syner likevel dansk påverknad i mange av oppskriftene. Korleis kjennskapeten kvedaren og oppskrivaren hadde til dansk, kan ha påverka overleverings- og oppskrivingsprosessen, vert drøfta lenger nede. Her er det nok å seia

at dansk har hatt mykje større innverknad på ballademålet enn svensk, tysk eller noko anna språk.

Dei få kjeldene ein har frå mellomnorsk tid, er breva og diploma. Desse er ofte skrivne av folk i dei høgste sosiale laga og handlar om desse tilhøva. Ordtilfanget der er dimes ikkje naudsynleg representativt for ordtilfanget til heile det norske folket. Tysk, dansk og svensk påverka målet åt vanlege folk i nokon mon, men truleg mindre enn ved hoffet og i handelsstanden. Ord frå grannemåla – fyrst frå svensk, og so frå dansk og tysk – kom inn medan opphavleg norrøne ord gjekk ut or bruk (Bø og Myhren, 2002, s. 66).

Oppstod balladane ved det norske hoffet, slik Jonsson legg til grunn, vil truleg dei eldste balladane kunna syna både tysk, dansk og svensk påverknad. Balladane er norske, men dei er langt frå språkpuristiske. Likevel: Ettersom den danske påverknaden vart meir intens over tid, vil dei eldre balladane syna mindre dansk påverknad og meir svensk og tysk påverknad, medan dei yngre vil syna meir rein dansk påverknad, særleg etter ca. 1500.

Ettersom den nordiske balladetradisjonen kjem frå eller er sterkt påverka av den franske tradisjonen, kunne ein kan henda venta å finna franske ord og uttrykk. I utvalet i denne oppgåva er det ikkje tilfellet, anna enn i somme eigennamn. Desse namna har vore so kraftig endra at det av og til er vanskeleg å sjå kva det opphavlege namnet var, som eg vil gjera greie for seinare.

2.3 Språkdrag ved telemålet

Balladeoppskriftene i denne oppgåva kjem hovudsakleg frå det geografiske og historiske området Telemark. Somme kjem òg frå Setesdal. Balladane er soleis i hovudsak overleverte på telemålet, som er ein austnorsk dialekt og høyrer til undergruppa dei midlandske dialektane.

Dialekten har i dei sterke verba i presens fått ein innskoten *e* eller svarabhaktivokal, slik at til dømes norrønt *springr* og *bítr* har vorte til *¹springe* og *¹bite*, med einstavingstonelag, stundom skrive *spring'e* og *bit'e* for å få fram dette (Ross, 1906, s. 13). Ein slik vokal kan òg dukka opp i sterke hankjønnsord og i adjektiv i hankjønn, som til dømes *ein ¹store ¹heste* (eller *ein stor'e hest'e*).

Telemålet, som er dialekten dei fleste mellomalderballadane er overleverte på, er eit jamvektsmål og har difor kløyvd infinitiv. Ein finn òg jamvekt i visse andre ord, som *ivi* og *fyry* for *over* og *føre*, og i linne hokjønnsord, som *sogu* ('soge') og *sulu* ('svale'). Som mange andre dialektar har telemålet halde på skilnaden mellom linne og sterke hokjønnsord: *den visa – visur/visor* og *den skåle/skåli – skåler/skålr* (jf. Ross, 1906, s. 4).

I telemålet har det hendt ei full segmentering av konsonantsambandet *ll* til *dl* til *dd*: *alle* vart til *adle*, som so har vorte til *adde*, og *fjell* har vorte *fjødd* (Skjekkeland, 2005, s. 82 og s. 207). I dette målområdet har konsonantsambandet *rn* vanlegvis vorte assimilert til *nn*. Til dømes har *korn* vorte til *kånn* eller *kønn* (med eit eige ò-fonem som ligg ein stad mellom *å* og *ø* og går attende på gamalnorsk stutt *o*).

2.4 Overlevering av balladane

Arbeidet i denne oppgåva byggjer på denne føresetnaden:

I overleveringa av balladane vil språket, minder det fører til større brot med rim og rytme, endra seg slik at det samsvarar med samtidsspråket til kvar tid.

Her er det eigenleg to føresetnader, som kan formulerast endå meir presist slik:

- (a) Språket i balladane endrar seg i takt med samtidsspråket.
- (b) Rim og rytme er mekanismene som varar dei eldre orda og ordformene frå endring.

Føresetnad (a) er det stor semje om, og han er nokso ukontroversiell. Overleveringa viser til prosessen som har ført balladane frå gamalnorsk tid og fram til då dei vart feste i skrift på 1800-talet. Gudleiv Bø skildrar denne prosessen som ei «omsetjing», i hermeteikn, ei omsetjing frå norrønt til gammalt nynorsk telemål som har gått over sær lang tid (Bø og Myhren, 2002, s. 25). Den større historiske prosessen er naturleg nok samansett av hundrevis av små overleveringsaugneblinkar der ein kvedar har lært ein einskild ballade av ein annan kvedar. Desse augneblinkane er dårleg dokumenterte eller ikkje dokumenterte i det heile. Jamvel om éin einskild ballade kjem frå éin person på eitt tidspunkt i historia, kan og vil ein ballade gje opphav til ulike versjonar. Samlinga av dei ulike oppskriftene representerer dimed ikkje eigenleg éin tradisjon, men eit tal ulike og delvis sjølvstendige overleveringar av den same balladen. Å stadfesta tilhøvet

mellom dei ulike oppskriftene ligg utanføre denne oppgåva. Eg vil sjå på kvar einskild oppskrift som eit sjølvstendig uttrykk for ein hypotetisk, underliggjande gamalnorsk ballade. I det heile er det tale om ein munnleg prosess, og balladane er munnlege tekster som berre sporadisk har vorte skrivne ned.

Dette er ei heuristisk framstilling. Det vil seia at ho er grei og praktisk, jamvel om ho ikkje er so uttømande og nøyaktig som ho kunne vore. Likevel tykkjer eg at dette er den mest effektive tilnærminga i ei oppgåve av dette omfanget, særleg når desse tilhøva i seg sjølve ikkje er tema for etterrøknaden.

Med «samsvarar med samtidsspråket», meiner eg ikkje at det er fullt samanfall mellom språket i balladen og det munnlege samtidsspråket. Som poesi fylgjer balladane språklege og stilistiske konvensjonar som ein ikkje finn i det ålmenne og daglege talemålet (sjå kapittel 2.3 nedanfor). Eg meiner fyrst og fremst at balladespråket, som heilskap, aldri har vorte uskjøneleg for kvedarane og lyttarane til kvar tid. Det er mogleg at einskilte ord, vers og jamvel strofer har vorte uskjønelege eller meiningslause, og so er tilfellet som ein vil sjå seinare. Men som heilskap representerer språket i balladeoppskriftene det nynorske talespråket slik det eksisterte i Telemarksområdet frå midten av og til siste halvta av 1800-talet. Stemmer denne føresetnaden, vil ein venta at grammatiske drag som eksisterte på gamalnorsk og som sidan har kvorve på nynorsk, ikkje finst gjennomførte systematisk i balladane. Formulerer ein det slik, verkar det ekstremt trivielt. Poenget er å streka under at balladane endrar seg i takt med resten av talespråket, og finn ein arkaismar, må det eksistera mekanismar som har vara dei. Det kan vera indre språklege mekanismar knytte til rim og rytme, eller det kan vera ytre mekanismar knytte til sjangerkonvensjonar eller førestillingane åt kvedarane om kva som er ein god ballade. Eg vil fyrst og fremst leggja vekt på dei indre tilhøva av di det er dei som kan røkjast etter gjennom å studera sjølve oppskriftene. Vil ein sjå på dei ytre mekanismane og rammene, må ein gå ut over det språklege og studera kultur, historie og samfunnet på den tida og på staden. Det skal eg ikkje gjera systematisk her.

Kva ein skal rekna som «brot med rim og rytme», må ein ofte vurdera etter skjøen. Det kan vera vanskeleg å seia om dårleg rim og rytme er teikn på språkleg korrupsjon eller om desse i røynda har vore der sidan opphavet. Historisk har det variert kva ein har rekna for god poesi. Det var fyrst på 1600-talet at prinsippa for heimleg versbygging,

som i dag verkar innlysande, vart formulerte og tekne i bruk (Lie, 1967, s. 142). Til dømes vil endringa frå den tostava fleirtalsforma *váru* til den einstava forma *var* (av verbet *vera*) normalt ikkje reknast som eit større brot med rytmen om den etterfylgjande stavinga er trykklett, for då held ein meir eller mindre på fråstanden mellom dei trykksterke stavingane. Er den etterfylgjande stavinga trykksterk, vil ein få to trykksterke stavingar etter kvarandre og dét er eit brot med konvensjonell rytme. Det er likevel ikkje ein fast eller konsekvent regel. Balladetradisjonen er nokso raus når det gjeld rytme, og ein bør ikkje nytta rytmen åleine som argument for endringar eller variasjonar.

Føresetnad (b) ovanfor seier at rim og rytme er dei viktigaste mekanismane som hindrar endring. Denne føresetnaden kom til tidleg i arbeidet mitt med dette tekstmaterialet. Det kan òg ha farga det vidare arbeidet med materialet, noko eg kjem attende til seinare. Samstundes er det viktig å streka under at han berre er framlegg til ein mekanisme som kan forklåra korleis ulike fenomen har oppstått – eller rettare: har halde seg. Problemstillinga i denne oppgåva handlar om desse fenomen – arkaismar – er til stades i det heile. Kan eg fyrst syna det, kan eg etterpå freista å forklåra kvifor.

2.5 Arkaismar

Arkaismane som skal etterrøkjast, er det som var å rekna som arkaismar då balladane vart skrivne ned. Jamvel dei yngste oppskriftene er over hundre år gamle, og det nynorske talespråket har endra seg mykje sidan det. Ja, talespråket har nok endra seg meir i perioden 1850–2000 enn i det halvtanna hundreåret før det, i perioden 1700–1850. Det er vanskeleg å få eit fullstendig oversyn over grammatikken og ordtilfanget til telemålet i perioden 1850–1900. Her må ein langt på veg støtta seg til Aasen, Ross og andre meir sporadiske dialektoppskrifter og -utgreiingar frå samtida. Særs vanskeleg er det å handsama språklege drag som var på veg ut av talemålet på dette tidspunktet og som eksisterte hjå somme språkbrukarar, men ikkje hjå andre. Det gjeld særleg levande bruk av dativ utanom stivna uttrykk og bøyning av verb etter tal. I dei einskilde oppskriftene kan ein sjå om desse grammatiske draga er fullt gjennomførte eller om dei opptrer meir tilfelleleg. Ofte er likevel ikkje tekstmengda i dei einskilde oppskriftene stor nok til at ein kan stadfesta kva som er tilfellet.

Som nemnt er arkaismar ord, uttrykk eller andre språklege fenomen ein finn som har kvorve i målet elles og ikkje lenger er å rekna som ein del av det vanlege språket. Dette er noko anna enn *arkaisering*, som er det som hender når ein kvedar eller oppskrivar, som eit stilval, nyttar ord og uttrykk som har kvorve i språket og som ikkje ville dukka opp om ein hadde nytta det normale og daglege talemålet. Den arkaiserande tendensen vert drøfta lenger ut i oppgåva.

2.6 Stutt utgreiing om korleis balladetekstene vert siterte

Før ein kan byrja utgreiinga av tekstmaterialet, må ein stadfesta tydelege konvensjonar for framstillinga av materialet. Når eg siterer heile strofer frå balladane, gjer eg det med innrykk og utan sitatteikn. Om det finst sitatteikn, er det av di det er replikkar i balladane. For å visa til dei einskilde stadene i tekstmaterialet vil eg nytta eit referansesystem som eg gjer greie for lenger nede. Når eg viser til einskildord frå oppskriftene, vil eg nytta sitatteikn («...») med referansen tydeleg markert i teksta. Når eg viser til ord på både gamalnorsk og nynorsk som anten er nærskylde dei aktuelle orda i balladen eller på anna vis er naturlege å nemna, vil desse vera markerte med *kursiv*. Dette fylgjer konvensjonar for sitat og for metaspråkleg markering. Dimed bør det alltid vera klårt om eg siterer balladeteksta eller viser til gamalnorske og nynorske gloser meir generelt.

2.7 Balladespråket

Jonsson (1991, s. 93) gjev sju ulike kategoriar språket i ein balladetekst kan tilhøyra:

- a) genren,
- b) ifrågavarande balladkategori och tematiska grupp,
- c) just denna vistyp,
- d) denna version/text av visan,
- e) den regionala/lokala traditionen,
- f) traditionsbäraren/sångaren,
- g) upptecknaren/nedskrivaren/avksrivaren.

Denne inndelinga vil vera eit godt utgangspunkt for å røkja etter kvar ulike ord og uttrykk i balladetekstene kjem frå.

2.7.1 Sjanger

Balladesjangeren har fleire språklege drag og konvensjonar som ikkje finst i det vanlege talemålet. Ikkje berre særskilde ordformer, men òg uttrykk og grammatiske og

syntaktiske konstruksjonar skil seg ut. Som nemnt kan ein rekna den nordiske balladen som ein eigen sjanger som står i ein større nordisk og europeisk tradisjon. Her kan ein òg plassera lyriske verkemiddel som særmerkjer sjangeren, som enderim, bokstavrim (allitterasjon), repetisjon, inversjon og adjektiv etter substantiv. Dei har ikkje naudsynleg kome til på grunn av balladesjangeren, men dei har gjennom historia vorte tett kopla til balladen.

2.7.2 Tematisk kategori og visetype

The Types of Scandinavian Medieval Ballads (heretter TSB) fylgjer Adolf Ivar Arwidsson og Svend Grundtvig og plasserer balladane i seks ulike kategoriar: (A) naturmytiske viser; (B) legendeviser; (C) historiske viser; (D) riddarviser; (E) kjempe- og trollviser; og (F) skjemteviser. TSB sannkjenner at denne inndelinga ikkje er uproblematisk og er kan henda mest ein konvensjon og ein tradisjon (TSB, s. 15). Likevel er ho eit nyttig verktøy. Inndelinga er basert på både form og stil, innhald og tiltenkt slektskap. Dimed har ho eit støtt vitenskapleg grunnlag (TSB, s. 16). Kvar oppføring i TSB representerer ein visetype som det kan finnast fleire ulike versjonar av i Norden.

Visetype er ein underkategori av tematisk kategori. Til dømes er «Bendik og Årolilja» ført opp under visetype D432 «Ismar og Benedikt». Det vil seia at ein handsamar norske «Bendik og Årolilja», danske «Ismar og Benedikt» og færøyske «Bænadikts kvæði» som ulike versjonar av den same underliggjande balladen. Kva tilhøvet er mellom dei ulike visene innanfor ein visetype og dei ulike visetypane innanfor ein kategori, er eit komplisert spørsmål. Ulike versjonar av balladar kan innehalda vers og heile strofer ein finn att i andre viser, både nærskylde og ikkje-nærskylde. Heppeleg er dette ei problemstilling som fell utanfor denne oppgåva. Forskarane bak TSB har vurdert at balladane viser ein familielikskap og har fleire sams drag, både i form og innhald, som gjer det nyttig å handsama dei som oppføringar under same visetype.

Som nemnt høyrer «Bendik og Årolilja» til D432, som er ein visetype med viser på både norsk, dansk og færøysk. «Hemingen og Harald kongen» høyrer til E3, som finst på norsk og færøysk. «Roland og Magnus kongen» høyrer til E29, som berre finst på norsk. Ein lyt merkja seg at E28 handlar òg om Rolands død på Ronsevollen, men denne er so ulik i handling og struktur at han har fått sin eigen visetype. Han finst berre

på færøysk. «Falkvor Lommansson» høyrer til C15, som finst på norsk, dansk og svensk.

2.7.3 Lokal tradisjon og kvedarane

Det er ingen tvil om at kvedaren set sitt særpreg på balladane, for det er dei som var dei eigenlege tradisjonsberarane (Jonsson, 1991, s. 94). Ein kjenner mange kvedarar med namn og heimstad, og det nemner som regel oppskrivarane sjølv. Stundom kjem dei med andre opplysningar, om til dømes familie, yrke eller av kven eller når dei lærte balladen. Ulike kvedarar har hatt ulike preferansar og oppfatningar og har lært visene på ulike måtar. Somme kvedarar er nokso inkonsekvante og kan nytta mange ulike former av det same ordet, mest tilfelleleg, medan andre er meir konsekvente. Dessutan kan det vera vanskeleg å skilja mellom preferansane åt kvedaren og åt oppskrivaren, som drøfta i kapittel 2.1.4. Diverre er dette det som er vanskelegast å røkja etter. Og jamvel der ein har god kjennskap til ein kvedar, er det alltid fare for at ein «psykologiserer» variasjonane i balladane på ein uvitskapleg måte.

I somme høve verkar det naturleg å forklåra variasjon eller endring ut frå kva kvedaren kan ha tenkt eller meint, men det er vitskapleg uheldande å lita på dette som den einaste eller beste forklåringa. Ein må avgrensa det til dei velkjende prinsippa og forklåringmodellane for munnleg overlevering. I dette tekstmaterialet har eg ikkje funne kommentarar om kvedarane frå oppskrivarane på line med Bugges fræge kommentar: «Anne [Skålen] er upaalidelig og ikke sanddru, hun kan vel have lavet noget hist og her paa egen Haand» (Draumkvedet 1 i Balladearkivet, fotnote). Med andre ord ser eg det ikkje som naudsynt å skriva meir om dei einskilde kvedarane i ei oppgåve av denne storleiken og med dette omfanget.

Bø og Myhren (2002, s. 20) seier at det som med spelemenn finst to typar kvedarar: dei som lærer tradisjonen og freistar å framføra balladen «rett» slik dei lærte han, og dei som improviserer meir innføre rammene åt balladesjangeren og legg til formelstoff utan omsyn til kva som er den eine, korrekte versjonen. Om ikkje anna viser dette at det var stor variasjon mellom kvedarane når det galdt kunnskap, musikalske evner og synet og haldningane deira til balladetradisjonen og balladekunsten. Det syner vel òg at tradisjonen var relativt levande, på sitt vis.

Kvedarane sjølve og kvar dei kjem frå, vil i denne oppgåva få lite merksemd. Ut frå problemstillinga og den heuristiske tilnærminga til tekstmaterialet (sjå kapittel 2.4) er det ikkje naudsynleg. Det er ei forenkling, og ho er ikkje utan problem, sjå delkapittel 2.2. Men det er ei forenkling som er naudsynt om ein skal svara på problemstillinga på ein rimeleg måte.

2.7.4 Oppskriftene

Ei *oppskrift* er ei særskild nedskrivning av ei vise. I si mest handgripelege tyding er ei oppskrift eit stykke papir som einkvan har skrive ned ein ballade på. Oppskrifta er der den munnlege tradisjonen vert skriftleg. Sidan har gjerne oppskrifta vorte omarbeidd og sjølv vorte overlevert som tekst. Det er oppskrifta som er utgangspunktet for all forskning på balladar, særleg i dag då den munnlege overleveringstradisjonen har kvorve.

Ei oppskrift representerer éi tolking eller overlevering av éi spesifikk vise som høyrer til éin spesifikk visetype i ein større balladetradisjon. Ei oppskrift kan representera anten éi framføring eller fleire framføringar av éin og same kvedar. Det er svært stor variasjon i oppskriftene, jamvel av den same visa, når det gjeld tekstmengd. Stundom har oppskrivaren gått attende og retta si eiga oppskrift, slik at ei og same oppskrift kan lesast på ulike måtar. Somme oppskrifter er å rekna som fullkomne og formidlar eit narrativ frå ende til annan gjennom fleire strofer, medan andre oppskrifter er berre éi strofe eller eit strofefragment. Til dømes har Balladearkivet 29 variantar av «Hemingen og Harald kongen», og det er berre 11 av desse som har fleire enn 3 strofer. Tabellen nedanfor syner kva oppskrifter som finst av dei utvalde balladane frå Balladearkivet:

Namn	Tal på oppskrifter	Tal på oppskrifter med > 3 strofer	Eldste daterte oppskrift (årstal, oppskrivar, stad)	Yngste daterte oppskrift (årstal, oppskrivar, stad)
Bendik og Årolilja	48	21	1845, S. Bugge, Mo i Telemark ²	1918, T. Hannaas, Bygland i Setesdal

² Kjølnesvisa frå Aust-Finnmark, oppskreven av Hans Hansen Lilienskiold kringom år 1700, er ein variant av «Bendik og Årolilja» og er dimed teknisk sett den eldste kjende oppskrifta av denne balladen. Men avgrensingane i og omfanget av denne oppgåva gjer at eg ikkje tek han med i analysen.

Hemingen og Harald kongen	29	11	1847, J. Moe, Mo i Telemark / 1847, M. B. Landstad, Mo i Telemark	1919, R. Berge, Seljord i Telemark
Roland og Magnus kongen	50	9	1840-åra, O. Crøger, Seljord i Telemark / 1845, M. B. Landstad, ukjent	1922, R. Berge, Vinje i Telemark
Falkvor Lommansson	25	12	1846, M. B. Landstad, Lårdal i Telemark	1916–1917, G. T. Kivle, Seljord i Telemark

Valet av oppskrifter med fleire enn tre strofer som grense, som eg har gjort, er tolleg vilkårlig, men gjev eit inntrykk av omfanget i materialet. Dei aller stuttaste oppskriftene i materialet er på berre éi setning eller nokre fåe ord, og desse representerer ikkje fullverdige oppskrifter. Ja, somme av desse stutte oppskriftene i Balladearkivet kjem frå notat i margin i andre oppskrifter. Ein klår tendens i materialet er at dei eldste oppskriftene er lange, medan dei yngre oppskriftene er stuttare, meir fragmenterte og mindre samanhengande.

2.7.5 Er oppskriftene pålitelege?

Folkevisene vart skrivne opp før det fanst ein nasjonal eller internasjonal standard for ljodskrift og transkribering av tale. Dimed måtte kvar oppskrivar laga sitt eige system og gjera greie for det. Desse systema er baserte på den ålmenne norske uttala og lesemåten av bokstavar og konsonantsamband, og det er ofte intuitivt kva oppskrivaren meiner om ein kjenner til norsk og norsk-dansk rettskriving frå perioden – eller norsk rettskriving i det heile. Likevel oppstår det av og til uvisse.

Både Landstad og Bugge stør seg på Ivar Aasens grammatikk og ordbok og oppmodar lesaren til å nytta seg av desse. Bugge gjev uttrykk for at han kan henda laut stø seg meir på Aasen i utviklinga av eit ljodskriftsystem til oppskrivinga (Bugge, 1858, s. vi).

Eit særtrekk med oppskriftene åt Landstad er at han innfører stungen *d – ð* – som representerer historisk *ð* og som ikkje vart uttala i samtida. Han gjer det for å letta lesinga, sidan folk er vane med å lesa ord med stum *d* i seg frå dansk (Landstad, 1853, s. x). I oppskriftene frå Balladearkivet frå 1997 er den stungne *ð*-en åt Landstad alltid attgjeven som ein vanleg *d*. I det digitaliserte materialet er det likevel nokso greitt å skjønna når vanleg *d* og når stungen *d* er meint, sidan stungen *d* berre er å finna i utljod og mellom vokalar, medan vanleg *d* berre er å finna i framljod.

Landstad er elles nokso normerande i den prenta utgåva. Han seier beint fram at han har lagt til endekonsonantane *r, l, m, n* og *t* jamvel om han ikkje høyrde kvedaren uttala dei i ord som *er, skal* og *hon* (det laut vera *e, ska* og *ho*). Og konsonantane *g* og *k* vert palataliserte til høvesvis *gj (/j/)* og *kj (/ç/)* føre *e, i, ei, y, ø* og *øy*, minder dei står føre infinitivsmerket *e*. *Kem* og *gør* skal difor lesast som høvesvis */çe:m/* og */jø:r/*. Vokalar med akutt aksent (som *í* og *ý*) vert uttala etter vanleg norsk leseuttale, men vokalar utan akutt aksent vert uttala meir opne. Eit ord som *kyrkja* kan dimed representera både */ʔçyrça/* og */ʔçørça/* og variantar av desse. Igjen gjer Landstad eit unnatak her for nokre vanlege småord som *er*, som har ei meir lukka uttale. Og det kjem heller ikkje tydeleg fram om ord som *kongin* skal uttalast */konjin/* eller */koŋin/*, ut frå reglane han sjølv gjev. Landstad veit sjølv at han ikkje er språkforskar, og at arbeidet hans har klåre avgrensingar (Landstad, 1853, s. xii). Eg mistenkjer òg at Landstad stundom skreiv ned med ein meir arkaisk skrivemåte enn det kvedaren faktisk song. Om eit ord er ein autentisk arkaisme eller om det er Landstad som har vore arkaiserande og gjeve det ei form det faktisk ikkje hadde, er ei reell problemstilling. Det er noko ein alltid må ha i tankane i analysen, særleg i dei tilfella Landstad skil seg ut.

Landstad og Bugge skil mellom opne og tronge vokalar, og Bugge vedgår at det ikkje alltid har vore lett å skilja mellom *å* og open *o, æ* og open *e*, og særleg i utljod *e* og open *i* (Bugge, 1858, s. vi–vii). Skilnaden på desse vokalane er nok noko av det mest ustabile i heile materialet og av og til er det faktisk tilfelleleg kva oppskrivarane skreiv. Dei arbeider dimed med eit stort tilfang av vokalar, som dei gjerne ikkje var vane til frå det «vanlege bokspråket», og ein kan diskutera om det er best å analysera *e* og *i* som to ulike fonem eller som to ulike realiseringar av det same fonemet. Det same gjeld vokalpara *æ* og *è, ù* og *o*, og *ò* og *å*. Det kjem òg an på dialekten, for ulike dialektar kan ha ulike system her.

Bugge seier at han vil framstilla visene so nær uttala som råd, utan å normera eller endra på visene. Jamvel svenske og danske ord og uttrykk i visene har han halde fast ved (Bugge, 1858, s. v). Til dømes er variant C av folkevisa «Maria» i *Gamle norske Folkeviser* heilt igjennom dansk, som han sjølv seier det (Bugge, 1858, s. 88), men han er likevel teken med i samlinga. Stundom finn ein danske ord og skrivemåtar i oppskrifter som elles ser heilnorske ut. I somme tilfelle er det eit norsk ord men med dansk skrivemåte, til dømes «Mand» der ein ville venta å finna *mann*, eller «Guld» for *gull*. Her lyt det vera openbert at kvedaren har sunge *mann* og *gull* og at oppskrivaren har nytta den konvensjonelle skrivemåten av orda frå samtida. I andre tilfelle er det ikkje heilt godt å seia kva som er meint. Til dømes er orda *jeg* og *hvad* so likt dansk og so ulikt den lokale dialekten at ein må gå ut frå at oppskrivaren har høyrte *eg* og *kva*, *ka* eller *hott* og berre skrive det ned på dansk av gamal vane. Om det er oppskrivaren eller kvedaren som er opphavet til slike «danismar», kan ein strengt teke ikkje avgjera, men den kulturelle konteksten gjer det naturleg å peika på den boklærde oppskrivaren.

og ætze fyr gøc i stand ^(gøc)
 signelull fatt på di berre kvi
 må han Olav kvi me.
 I minnerkedev æ en stol.
 Der må di æ Olav drukk fo!
 Signelull - berre kvi
 — Olav møere — me.
 Signelull, I still din minn
 du be alli fyre slik keining-
 I helviti der æ en stein,
 der må Olavs møere kvi
 (kvi) stein
 (møere) stein

Gjinn þu Linn þann Sjálmög Rófan
 þann þess þu golvu gjong Linnan
 gjinn myg þetta þi ær þu i þin fjanna
 Linn þu Linn þi ær þu Ormaal þi
 þessan
 Gjinn þu Linn þann Sjálmög Rófan
 þann þess þu þess þi þi Linn þi
 gjinn myg þetta þi ær þu þu þu
 þi

Øvst: Sophus Bugges hand, oppskrift av OLAV OG KARI s. 99 str.
 31-36. Originaloppskrift som syner den teknikken Bugge har nytta med
 tillegg og avstytingar.

Nedst: Handskrift av Olav Grasberg, Kviteseid, Telemark, ORMALEN
 UNGE s. 309 str. 1 og 2.

Figur 1. Døme på oppskrifter frå Bugge og Grasberg

Figur 1 viser korleis ei typisk oppskrift ser ut. Den øvste tekstluten er ei oppskrift av balladen «Olav og Kari» og er skriven av Bugge. Dette dømet er berre til illustrasjon. Som mange oppskrivarar hadde Bugge eit eige system med avstytingar og andre teikn. Å transkribera ein slik tekst er i seg sjølv ein tolkingsprosess. Likevel er det liten grunn til å tru at denne prosessen er ei stor feilkjelde, og det er rimeleg å gå ut frå at Balladearkivet transkriberer oppskriftene nøyaktig.

Det er fleire oppskrifter i utvalet som er skrivne opp av korkje Landstad eller Bugge. Stort sett er det tale om oppskrifter frå Olea Crøger (1801–1855), Jørgen Moe (1813–1882) eller Moltke Moe (1859–1913). Her har eg ikkje greidd å finna noka utgreiing eller utleggjing til dei fonetiske systema dei har nytta. Ein gjennomgang av desse oppskriftene viser at systema naudsynleg liknar mykje på Landstads og Bugges system og byggjer på ei ålmenn norsk leseuttale av bokstavane og orda. I det heile skriv Crøger på ein måte som liknar meir på dansk enn dei andre. Landstad har ofte meir etymologiske skrivemåtar. Bugge og bae generasjonane Moe har det ein kan sjå på som meir ljodrett skrivemåte.

Svend Grundtvig er særskild kritisk til Landstad og kallar arbeidet hans for vandalisme (Jonsson, 1992, s. 141). Bugge er mildare i kritikken sin. Han seier at den prenta boka åt Landstad freistar å vera både ei populærutgåve for ålmugen og ei vitskapleg utgjeving, og når ho freistar å vera bae på likt, er ho «hverken fugl eller fisk» (sitert i Jonsson, 1992, s. 142). Ein kan dimed seia at utgangspunktet for arbeidet åt Bugge er meir vitskapleg enn arbeidet åt Landstad, reint prinsipielt, jamvel om resultata ofte liknar.

Det er heilt rimeleg å seia at heile balladeinnsamlingsprosjektet åt Landstad, Bugge, Moe og andre var eit grunnleggjande nasjonalromantisk prosjekt. Dimed har framstillinga av balladetekstene og balladane i det heile ei nasjonalromantisk slagside (jf. Bø og Myhren, 2002, s. 15). Dessutan hadde oppskrivarane kjennskap til gamalnorsk og norrønt. Eg ottast difor at det finst ei arkaiserande slagside i oppskriftsmaterialet. Med det meiner eg tendensen åt oppskrivarane til å skriva ned ei meir gamalnorsk ordform der han har vore i tvil om kva kvedaren faktisk song, både medvite og umedvite. Som eit nasjonalromantisk prosjekt skulle folkevisene fylla inn tomrommet som fanst i norsk litteratur mellom gamalnorsk og nynorsk. Det mest ihuga uttrykket for dette synet finn ein hjå Ivar Mortenson-Egnund (1927, s. 31) som freista

gjera mellomalderballadane, og då meir spesifikt «Draumkvædet» og Olav Åsteson, til utgangspunktet for alle andre balladar og til «grunnsteinen i norsk bokheim».³ Men Mortensson-Egnund var meir eller mindre heilt åleine om å meina dette. Oppskrivarane er langt meir vitskaplege i tilnærminga si.

Denne arkaiserande slagsida er likevel noko ein ikkje kan skriva heilt av. Eit døme er at Landstad fører inn att stungen *d* eller *ð*, som vanta heilt i talemålet. Det gjer at tekstene ser eldre ut enn dei i røynda er. Likevel er Landstad på det reine med at dette berre er for å letta lesinga, og at ein ikkje skal uttala denne ljoden. Eit mindre openbert døme er den gamalnorske dativsendinga *-um*. I dialektane frå denne tida finn ein både *-om*, *-o*, *-åm* og *-å*, og ein kan spørja seg om oppskrivarane oftare har valt den historiske forma med *-m*. I alle høve endrar ikkje nett det sjølve analysen i denne oppgåva.

Kan henda er otten min for denne arkaiserande slagsida overdriven. Myhren seier beint fram at oppskrivarane aldri hadde lært å skriva norsk, og at oppskriftene difor er nokso inkonsekvante (Bø og Myhren, 2002, s. 61). Alle oppskrivarane var opplærte i å skriva dansk. Dei har ikkje hatt den nære kjennskapen til det nynorske talemålet i Telemarksområdet (og til det nynorske talemålet generelt). Dimed har dei ikkje greitt å fanga opp og skriva ned alle norske drag nøyaktig og konsekvent.

Jamvel om ein og annan arkaisme skulle vera ein reint litterær skapnad, laga av oppskrivarane, er likevel mengda av arkaismar so stor at desse må vera i mindretal. Det vil vonleg verta klårt at dei fleste arkaismane ikkje er skapa av oppskrivarane. Dessutan har eg i analysen ovanfor kommentert når ein arkaisme berre finst i éi særskild oppskrift eller er so «merkeleg» at han må vera skapa av oppskrivaren. I det heile har eg fyrst og fremst teke føre meg dei arkaismane som finst i fleire oppskrifter av same ballade og som ein lett kan forklåra utan å visa til ein arkaiserande oppskrivar. Om so skulle vera at ein og annan uekte arkaisme har snike seg inn, vil det ikkje gjera resten av analysen ugild.

I det heile har ikkje dette ført til større problem, men det er naturleg at oppskriftene åt Landstad og Bugge får meir merksemd av di dei utgjer ein større del av dette tekstmaterialet, og av di ein har tilgang til notata og kommentarane deira i større grad.

³ Jf. tittelen på boka hans om «Draumkvædet», *Grunnsteinen i norsk bokheim*.

Namnet på oppskrivaren av oppskriftene står oppført i vedlegget. Oppskrivaren av den aktuelle oppskrifta vil ikkje verta nemnd i denne oppgåva, anna enn når det er naudsynleg for konteksten.

2.8 Forma åt balladen

Balladen som sjanger er episk. Soleis minner han om folkeeventyra og fylgjer mange av prinsippa som Axel Olrik (1908) identifiserte for folkediktinga og folkeeventyra.

Stundom kan balladeoppskriftene vera so fragmentariske eller ha so store lakuner at historia ikkje lenger er til å skjønna eller misser den logiske strukturen. Dei lengste oppskriftene har derimot ofte fullverdige historier med innleiing, konflikt og alt som høyrer til ei fengjande historie.

Strukturen åt dei norske mellomalderballadane varierer ein del, men alle balladane i dette utvalet har den same strukturen og den same forma. Talet på strofer varierer, men dei mest fullkomne oppskriftene har kringom tretti strofer. Balladane er dimed heller lange (jf. Bø og Myhren, 2002, s. 57). Kvar strofe er oppbygd av fire vers med rimskjemaet *oaoa*, eit rimskjema som faktisk vert kalla balladerim (Lie, 1967, s. 114). Etter kvar strofe kjem det eit omkvede som er det same gjennom heile balladen. I dei fleste oppskriftene vert omkvedet berre skrive fullt ut etter den fyrste strofa, men ein går ut frå at det skal syngjast etter kvar strofe. Det er berre Landstad, i si prenta utgåve, som skriv omkvedet etter kvar einaste strofe, ofte avstytt til dei fyrste par orda.

Omkvedet er det same gjennom heile balladen, men dei ymse oppskriftene av den same balladen kan ha ulikt omkvede. Ofte er det eit tett samband mellom omkvedet og balladen, men ikkje naudsynleg so. I balladetekstmaterialet elles finn ein oppskrifter der det ikkje er noko samband mellom strofene og omkvedet, som om balladen er samansett av fleire sjølvstendige delar.

Når det gjeld omkvede, er det einaste unnataket «Roland og Magnus kongen». Den prenta utgåva åt Landstad og somme av dei mest fullkomne oppskriftene manglar omkvede i det heile. Omkvedet som er vanleg å nytta i moderne framføringar og innspelningar av «Roland og Magnus kongen» («Rida dei ut or Franklandet ...») finst ikkje i dette tekstmaterialet. Både omkvedet og den vanlege melodien henta Hulda Garborg frå den færøyske forma av balladen (Semb, 1991, s. 160).

3 Tekstmateriale og metode

3.1 Materialet og utvalet

3.1.1 Dei ulike kjeldene til balladetekstene

Oppskriftene, det er dei handskrivne nedskrivningane Bugge, Landstad og andre skreiv. Dei prenta visene i bøkene åt Bugge og Landstad er ikkje reine oppskrifter og ikkje resultatet av éin kvedar, men representerer snarare ei tolking av materialet dei har samla inn. Her er det stor variasjon. Landstads «Roland og Magnus kongen» (nr. XIV i Landstad, 1853) byggjer på ei vise han fann «i en gammel Visefugge» (s. 170), det vil seia i ei gamal, handskriven visebok, med fleire strofer, delar og variantar supplert frå ymse songarar i Seljord. Han fann nemleg ikkje nokon som kunne heile visa. Likevel er det sjeldan det er so stor uvisse kring opphavet. Den prenta utgåva hans av «Hemingen og Harald kongen» (nr. XV, variant A) er visa slik ho vart sunge av Harald Smeddal frå Åmotsdal (s. 186). Breidda og omfanget i kjeldematerialet gjer at det er nokso inkonsekvent kva dei prenta tekstene representerer eller kor omarbeidde dei er. Men det må vera sagt at uvisse knytt til Landstads «Roland og Magnus kongen» er tolleg uvanleg. I dei fleste tilfella kan ein knyta eit namn og ein stad til den prenta teksta og til dei særskilde oppskriftene. Stundom har oppskrivarane notert variantar og alternative lesemåtar i dei einskilde oppskriftene. Då har dei høyrte kvedaren syngja den same balladen fleire gonger og skrive ned ulikskapane.

Gjennom Dokumentasjonsprosjektet, som heldt på frå 1992 til 1997, vart ein stor del av oppskriftene transkriberte og gjorde tilgjengelege på internett. I dette materialet finn ein i mange tilfelle tekstene som låg til grunn for dei prenta visene. Ein lyt vera merksam på at desse transkripsjonane i seg sjølve er tolkingar av oppskriftene, og at det kan vera feil i dei. Balladearkivet nemner dette sjølv. Det er markert i transkripsjonen der det er uvisse. Tekstene er organiserte etter TSB-nummer, og innanfor kvar type er variantane organiserte stort sett slik at dei eldste og mest fullkomne oppskriftene står fyrst og dei yngste og minst fullkomne står til sist. Heile oppskrifta, inkludert ord som har vorte streka ut og notat i margin, er transkribert. Det er tekstene slik ein finn dei i Balladearkivet eg har lagt til grunn for denne etterrøknaden. Eg har vurdert at det ikkje

er naudsynt eller tenleg å leita fram fotokopiar av sjølve oppskriftene, i og med at arbeidet som vart lagt ned i Dokumentasjonsprosjektet i dette stykket synes sætande.

I ein slik situasjon er det ikkje alltid godt å vurderer kva omstenda kring oppskrifta var og kor «god» ho er, kva ein no legg i det. Det er difor eg stør meg òg på dei prenta utgåvene, for der gjev Landstad og Bugge ofte detaljerte skildringar og kommentarar. I undersøkinga av dei einskilde oppskriftene vil tyngda liggja på dei av Landstad og Bugge, der årstal, kvedar og stad er kjende. Balladearkivet har nemleg ei viss mengd oppskrifter der éin eller fleire (og i somme tilfelle alle) av desse faktorane er ukjende. Dei har verde, dei òg, og det er kjent at dei må vera frå om lag den same tida og det same geografiske området. Likevel er det då ei uvisse her.

For å letta lesinga vil fylgjande avstytingar verta nytta frå no av: «Bendik og Årolilja» vert *Bendiksvisa*; «Hemingen og Harald kongen» vert *Hemingsvisa*; «Roland og Magnus kongen» vert *Rolandsvisa*; og «Falkvor Lommansson» vert *Falkvorsvisa*. Mest alle desse omgrepa er kjende frå tidlegare litteratur og frå visebøker, men Falkvorsvisa må kallast mi eiga nyskaping, etter mønster frå dei andre. «Roland og Magnus kongen» vert av og til kalla *Rolandskvadet*, men det er konvensjonelt det norske namnet på det franske heltediktet og difor ikkje eintydig nok.⁴ Talet etter det avstytte visenamnet viser til varianten frå Balladearkivet. Dinst fylgjer strofenummer, om naudsynleg, skilt frå variantnummer med punktum. Til dømes vil «Hemingsvisa 6.3» visa til tredje strofe i variant 6 av «Hemingen og Harald kongen» i Balladearkivet. Sjå vedlegg A for eit oversyn over variantane, med årstal, oppskrivar, kvedar og stad til kvar variant.

Når det gjeld dei prenta utgåvene, vert Landstads *Norske Folkeviser* heretter avstytt til *NF* og Bugges *Gamle norske Folkeviser* til *GnF*. Desse utgåvene nummererer sjølve visene med romartal:

TSB-nummer	Avstytt namn	Nummer i <i>Norske Folkeviser</i> (Landstad, 1853)	Nummer i <i>Gamle norske Folkeviser</i> (Bugge, 1858)
D432	Bendiksvisa	LX	
E3	Hemingsvisa	XV (variant A og B)	I
E29	Rolandsvisa	XIV	

⁴ Jamfør Johannes A. Dales omsetjing av *Le Chanson de Roland* frå 1934, kalla *Rolandskvadet*.

C15	Falkvorsvisa	XXIX	
-----	--------------	------	--

Til dømes viser «Bendiksvisa NF LX.2» utvitydig til den andre strofa i «Bendik og Årolilja» slik ho står i Landstads *Norske Folkeviser*.

Her lyt ein halda oppe skiljet mellom *balladeoppskriftene* og *balladen*, som det alt har vorte vist til fleire gonger. Balladen, utan tilvising til ei særskild oppskrift, er ein abstrahert storleik, eit ideal av ei tekst som «openberrar seg» gjennom dei ymse tekstvitna. Det er ein problematikk som er velkjend innanfor filologien og all tekstforskning. Ein kan skjønna balladeoppskriftene som ulike uttrykk, bundne av tid og stad, for ei underliggjande, opphavleg munnleg balladetekst. Strengt teke kan ein dimed ikkje tala om arkaismar i sjølv balladane – berre i balladeoppskriftene. Når eg likevel gjer det, ligg det til grunn ei overtyding om at balladeoppskriftene freistar å representera i skrift den munnlege balladen slik kvedaren har sunge han, og at kvedaren freistar meir eller mindre nøyaktig å syngja balladen slik han har lært han. Ein må seia «meir eller mindre» av di endringar hender medvite og umedvite, og to framføringar av den same balladen av den same kvedaren aldri vil vera heilt identiske. Både Landstad og Bugge viser ofte i kommentarane sine til variasjonar i ulike framføringar av den same balladen av den same kvedaren. Gjennom eit komparativt tekstarbeid kan ein freista å rekonstruera meir opphavlege former av balladen. Dette komparative og tekstkritiske elementet er til stades i dei prenta utgåvene, jamvel om det berre er tentativt.

Det er nyttig å hugsa på kva Georg Johannesen seier om «Draumkvædet» og Draumkvæde-forskinga. Han skil mellom «Draumkvædet O, S og F». «O» representerer den orale eller den munnlege balladen slik han vart sunge på sitt geografiske avgrensa område. «S» representerer den skriftlege balladen, som har oppskriftene som representantar. Til denne høyrer òg restitusjonar og andre samanstillingar. «F» representerer forskinga kring balladen (Johannesen, 1993, s. 26–27). Johannesen understrekar at «O» er utilgjengeleg for oss i dag. «Draumkvædet O» er det som vart sunge før kringom 1850, og «Draumkvædet S» er det som vart skriva og sunge etter 1850. Den same modellen kunne ein nytta om balladane i dette utvalet og tala om til dømes «Bendiksvisa O» og «Bendiksvisa S». Ein kan mest seia at so snøgt balladane vart prenta, kvarv den munnlege tradisjonen, og overlevering gjennom tekst avløyser

munleg overlevering. Gudleiv Bø seier noko av det same: Den eigenlege folketradisjonen var munnleg og er no kvorven (Bø og Myhren, 2002, s. 14–15). Oppskriftene viser tilbake til ein folkeleg kultur utan at dei sjølve *er* denne tradisjonen.

Dette er ikkje eit spor eg skal fylgja vidare her. Eg nemner likevel alt dette for å seia noko om sambandet mellom den munnlege balladen slik han ein gong eksisterte og den skriftlege balladen me kjenner til i dag. Sambandet er tett, og samstundes eksisterer det eit gap ein aldri kan kryssa. Oppskriftene som er objektet for etterrøknaden i denne oppgåva, er dimed ikkje dei munnlege balladane slik dei har eksistert brorparten av tida. Likevel skjønar ein at desse oppskriftene er tekstvitne til ein tradisjon som fram til då var munnleg. Dette er ikkje reint ordkløyveri. Det handlar fyrst og fremst om å vera tydeleg på kva for nokre avgrensingar som finst i materialet, slik at ein ikkje nyttar materialet på ein ugild måte.

Å restituera balladetekstene til si opphavlege form eller å harmonisera ulike oppskrifter til éi heilskapleg framstilling er ikkje lenger eit so viktig mål som det var for somme forskarar i tidlegare tider (jf. Jonsson, 1992, s. 142). Då ville ein gjerne gje balladen ei «kanonisk form». I dag er ein mindre oppteken av det og vel heller å sjå på alle variantane som ein del av ein større, munnleg tradisjon eller straum. Slikt restitusjonsarbeid har likevel mykje føre seg. Originalen av balladen er tapt, men ein kan rekonstruera ein arketype av balladen, det vil seia det eldste felles utgangspunktet for dei versjonane me har tilgjengeleg i dag.

Spørsmålet om kva for nokre oppskrifter som representerer det mest opphavlege, er særrelevant i denne oppgåva, ettersom arkaismar, per definisjon, representerer det som er meir opphavleg. I Balladearkivet er oppskriftene organiserte slik at dei eldste og mest fullkomne oppskriftene står fyrst, og dei yngste og mest fragmentariske står sist. Det er ikkje sjølvstøtt at dei eldste oppskriftene representerer noko eldre enn dei yngre oppskriftene eller at dei er meir fullkomne. I nett dette balladeutvalet er det likevel tydeleg at dei eldste oppskriftene er meir fullkomne, jamvel om det ikkje er fullt samanfall mellom storleikane alder og fullkomenskap. Dei yngste oppskriftene, frå etter 1900-talet, er i alle fall særst fragmentariske.

Balladeoppskriftene har noko felles som gjer at ein kan tala om dei som «den same balladen». Ein skal ikkje overdriva kor heterogene oppskriftene eigentleg er. Stundom

er ulikskapane reint ortografiske. I denne oppgåva vil eg lata balladen vera ein teoretisk storleik, som det som sameinar ei gruppe oppskrifter med same TSB-nummer. Dimed lyt ein vidare skjøna «ballade» som ei samling eller ein familie av oppskrifter, utan å ta stilling til kva for ei einskild oppskrift som representerer det «mest autentiske» eller det «mest opphavlege».

3.1.2 Oppsummering av handlinga i balladane i utvalet

I Bendiksvisa rid Bendik inn i kongsgarden og møter kongsdottera Årolilja. Dei vert hugtekne og er saman i løyndom. Kongen har nemleg bygt «gullbrauter», som truleg er ei gulldekt trapp opp til rommet åt Årolilja, og seier at alle som går opp dei, må døy. Ein smådreng fortel kongen om Bendik. Kongen vil dimed finna og ta livet av Bendik. Både Årolilja og dronninga bed om nåde, men det hjelper ikkje. Bendik vert avretta utføre kyrkja. Årolilja ser det heile gjennom vindauga sitt og døyr av sorg. Dei vert gravlagde på kvar si side av kyrkja eller kyrkjemuren. Opp frå gravene deira veks det blomar som møtest og flettar seg saman på toppen. Det er fyrst då kongen skjønar at han har gjort urett og synda.

Landstad (1853, s. 533) kalla Bendiksvisa for «en kostelig Perle i min Samling». I somme oppskrifter rid Bendik åt «Selándo», som må vera Sjælland i Danmark, og kongen og dronninga vert omtala som danske.

Hemingsvisa opnar med at kong Harald spør om det finst einkvan som er liken hans. Ein dreng seier at det må vera Heming, son åt Aslak. Kongen vitjar Heming og tvingar han til å tevla med han i ulike idrettar. Aslak vil stogga son sin frå å tevla, men Heming vil likevel. I den mest dramatiske episoden i visa skal Heming skyta med pil og boge ei valnøtt av hovudet til bror sin. Men han vil berre gjera det om kongen stiller seg ved sida av han. Heming greier det, og broren kjem uskadd frå det. Kongen ser at Heming hadde to piler i pilhuset, og han svarar at hadde han med uhell skote bror sin, ville han skote kongen med den andre pila. Den siste tevlinga er å renna på ski ned eit namngjete fjell. Heming skyv kongen frå seg so han fell i bakken, og renn frå han.

Rolandsvisa handlar om kong Magnus og jamningane hans, mellom dei Roland. Dei sigler til eit heidningland for å krevja inn skatt. Heidningane vil ikkje betala, so dei vert samde om å kjempa på ein stad kalla Ronsevollen. Roland slaktar mange heidningar,

men dei får til sist overtaket. Med det siste andedraget sitt blæs han i luren so hardt at augo eller heilen hans tyt ut or skallen. Det skræmer heidningane og gjev kong Magnus og mennene hans nytt mod. Magnus og jamningane sigrar. Dei siglar heim med skatten og det vert stor fest. Magnus syrgjer over Rolands død.

Rolandsvisa er bygd på saga om slaget ved Roncevalles i 778, der baskarane overfall Karl den store og hæren hans då dei drog gjennom Pyreneane attende til Frankarriket (Landstad, 1853, s. 169). I Rolandsvisa har det hendt fleire endringar: Hæren har vorte minska til seks jamningar; baskarane har vorte heidningar eller i somme oppskrifter blåmenn (det er maurarar; Landstad, 1853, s. 172). Dei reiste til sjøs for å krevja inn skatt, medan den historiske Karl den store og Roland reiste til lands heim att etter strid i Andalusia. Jamvel dei mest fullkomne oppskriftene ser ut til å ha ei eller fleire lakuner, av di handlinga i balladen verkar noko oppstykkja og usamanhengande.

I Falkvorsvisa skal danske Torstein Davidsson gifta seg med jomfrua Mendelin, som Falkvor Lommannsson elsker. Falkvor rid til Mendelin og vil ta henne heim til seg. Når ho ser Falkvor koma, løyner ho andletet, men Falkvor kjenner henne att likevel. Ho reiser med Falkvor, og dei rid bort. Ein smådreng seier ifrå til Torstein, og han legg etter dei. Han når dei att, og mennene slåst. Torstein tapar kampen og gjev opp, og slik får Falkvor jomfrua si til sist.

Balladen er basert på ei historisk hending, nemleg Folke Algotssons brurerov i 1288 (jf. Colbert, 1999, s. 279–80). Folke var son av lagmannen eller «lommannen» Algot. Førenamnet hans finst i mange ulike variantar, til dømes *Falkvor*, *Folkvor*, *Falkus* og *Falkum*. Torstein Davidsson heitte i røynda David Torsteinsson. Jomfrua var Ingrid Svantepolksdotter, men i oppskriftene vart ho kalla Mendelin, Vendeli, Elensborg eller liknande. Balladen framstiller brurerovet romantisk, sannsynleg med riddarballadane som førebilete. I røynda var det nok meir politisk motivert, av di giftarmålet med drottseten David Torsteinsson sjølv var politisk motivert.

3.1.3 Om utvalet

I utvalet er det éi riddarvise, éi historisk vise og to kjempeviser. Naturmytiske viser, legendeviser og skjemteviser er dimed ikkje representerte.

Skjemteviser handlar ofte om fyll, utanomekteskapeleg omgjenge og annan gaman. Det er tematikk som er mindre «høgstemd» enn i andre typar viser. Det kan til og med verka som forskinga har teke desse visene mindre seriøst eller vore mindre opptekne av dei, kan henda mest av di andre typar balladar har meir å by på reint litterært. Skjemtevisene knyter seg ikkje opp til særskilde legender, forteljingar eller historiske hendingar. Dimed er dei mindre interessante i denne samanhengen, for det er vanskelegare å trekkja historiske liner attende til gamalnorsk og til den franske balladetradisjonen. Det er likevel godt mogleg at dei inneheld språkleg stoff frå gamalnorsk tid. Dei har truleg mykje å seia om sosiale tilhøve i samtida, om normer og brot på normer i lokalsamfunnet. Men skal ein avgrensa forskingsmaterialet, vert det naturleg å ekskludera heile denne kategorien.

Legendevisene eller heilagvisene er anten attforteljingar av kristne helgensoger, attforteljingar av bibelsoger med apokryfiske tillegg eller viser som gjev uttrykk for lokale helgenkulturar som sidan har gått tapt. Utanom «Draumkvædet» er det norske materialet nokso fragmentarisk og esoterisk, meir so enn i dei andre kategoriane. I somme tilfelle er det vanskeleg å kjenna att kjeldematerialet. Til dømes har balladen «Maria Magdalena» (B10) lite å gjera med forteljinga om Maria Magdalena frå Bibelen, den kjende legendesamlinga *Legenda Aurea* eller den liturgiske kultusen frå mellomalderen. «Draumkvædet» (B31) er ei av dei mest kjende folkevisene og er ei legendevisa. Det representerer denne kategorien godt, og det har vore skriva mykje om det allereie.⁵ Det er nok den mest koherente legendevisa.

Riddarvisene er den eldste typen, og det er denne typen som er mest nærskyld den franske tradisjonen. Det gjeld både i form og innhald. Kjempevisene eller trollvisene er attforteljingar av kjende og lokale soger. Fleire av desse forteljingane kjenner ein frå den norrøne sogelitteraturen. Riddarvisene og kjempevisene er dei to største kategoriane i det norske tekstmaterialet både når det gjeld talet på viser og på oppskrifter. Desse kategoriane er særst heterogene, og ofte er det vanskeleg å avgjera om ein ballade høyrer til riddarvisene eller kjempevisene (TSB, s. 17).

⁵ Sjå til dømes Bø og Myhren (2002) *Draumkvedet. diktverket og teksthistoria* eller *Telemark historie nr. 16* (1995), s. 7–133. Når eg sjølv viser til Bø og Myhren i denne oppgåva, er det fyrst og fremst til det dei seier som gjeld heile balladesjangeren.

Dei naturmytiske visene er folkeviser som uttrykkjer det ein går ut frå er ei oppriktig tru på overnaturlege skapningar. Troll og andre overnaturlege skapningar dukkar opp i kjempevisene òg, men her vert dei, ut frå konteksten, vurderte som fiksjonelle og litterære skapningar, og om dei faktisk eksisterer, er ikkje relevant (TSB, s. 16). Dei naturmytiske visene skildrar naturen, forteljingar og skapningar som mellom anna nykkar, huldre og haugfolk på ein måte som viser tette band til folketru frå samtida. At desse er uttrykk for ei meir autentisk, tru vil ikkje naudsynleg seia at kvedaren eller lyttarane trudde at forteljinga i seg sjølv var sann. Ofte er dei å oppfatta som ei åtvaring eller ei forteljing om kva som kan henda med den som ikkje er varsam. Naturmytiske viser er ikkje representerte i tekstutvalet. Det er rett og slett av di eg ville gje plass til riddarviser, historiske viser og kjempeviser, og eg ville ikkje ta med fleire representantar. Avgjerda er teken mest på praktisk grunnlag. Ein kan i nokon mon rettferdiggjera det fagleg, av di teoriane til Jonsson gjer det meir naturleg å sjå på riddarviser, historiske viser og kjempeviser med røter attende til norrøn sogelitteratur og europeisk mellomalderlitteratur.

Det kan vera freistande å samanlikna dei ulike balladane med kvarandre og røkja etter kva for nokre drag og fenomen som ein finn og ikkje finn, og sjå om ein kan datera dei i høve til kvarandre. Som litteratur er balladetekstene nokso stutte, og ordtilfanget og ulike grammatiske og syntaktiske konstruksjonar varierer mellom dei. Dimed kan ei slik samanlikning vera vanskeleg, og det er òg utføre rammene av denne oppgåva. Med den heuristiske tilnærminga som er vald, er det heller ikkje tenleg. Når det er sagt, vil det naturleg vera dei same orda og bøyingsformene som dukkar opp i fleire av dei ulike balladane, og der det er skilnad på kor mykje dei har endra seg frå gamalnorsk. Då vil det vera både tenleg og relevant å sjå om ein kan identifisera faktorar eller omstende som har gjort at desse utvikla seg ulikt.

Når eg seier at to strofer *svarar til kvarandre*, vil det seia at to strofer i to ulike oppskrifter av den same balladen er meir eller mindre like i form, innhald og plass i den narrative strukturen åt balladen. Falkvorsvisa 1.4 og Falkvorsvisa 2.1, til dømes, er ikkje heilt identiske, men dei er so like at det er openbert at dei har eit felles opphav og meir eller mindre formidlar det same innhaldet. Med andre ord: Falkvorsvisa 1.4 svarar til Falkvorsvisa 2.1.

3.2 Metode

I denne oppgåva vil eg ta føre meg eit utval gamalnorske språkdrag. Til kvart språkdrag vil eg gå gjennom alle døma eg har funne i balladane. Undervegs vil eg greia ut, kommentera og forklåra funna. Til sist kjem eg med ei vurdering av arkaismane i balladane som heilskap. Gjennomgangen er systematisk, men ikkje kvantitativ.

4 Gjennomgang av språkdrag

4.1 Gamalnorske drag

Ei undersøkjing av denne storleiken kan aldri fanga opp alle tilfelle av gamalnorske språkdrag. Difor må ein velja ut typar språkdrag eller kategoriar og avgrensa kva ein skal sjå på. Kategoriane eg har valt å nytta her, vart til medan eg arbeidde med tekstmaterialet. Desse har eg halde på då eg har gått gjennom tekstmaterialet på nytt. Tilnærminga er dimed tolleg eklektisk. Ein kan tenkja seg at eit anna utval folkeviser kunne gjeve andre kategoriar. Utvalet av språkdrag er likevel ikkje tilfelleleg og representerer brorparten av gamalnorske språkdrag i nett dette tekstmaterialet.

Kategoriane her er:

1. Adjektiv på *-an*.
2. Arkaiske einskildord og frasar.
3. Arkaiske stadnamn og personnamn.
4. Bøying av verb i person, tal eller modus.
5. Bruk av kasus, det vil seia bøying av substantiv i dativ.
6. Eigedomsord føre substantiv i bunden form.
7. Anna.

Som ein kan sjå, femner somme av desse kategoriane vidt medan andre er meir avgrensa. Alle språkdrag i kategori 1–5 kan ein forklåra som gamalnorske arkaismar, men det vil ikkje seia at alle einskilddøme på desse språkdraga i balladetekstene dimed *er* gamalnorske arkaismar. Det kan vera fleire moglege forklåringar på korleis eit arkaisk drag har halde seg i nynorsk tid. Kategori 6 er litt meir problematisk av di det ikkje er ei enkel eller innlysande forklåring på korleis ovinga har oppstått, og om ho har oppstått i gamalnorsk, mellomnorsk eller til og med nynorsk. Kategori 7 femner om ord og fenomen som eg tykkjer er verde å nemna for å få eit meir fullkome bilete av det gamalnorske opphavet til folkevisene, men som ikkje er store eller omfattande nok til å få ein eigen kategori.

I gjennomgangen av desse språkdraga nemner eg alle tilfella eg har funne i tekstmaterialet. Det er mogleg at eg har mist eitt og anna tilfelle. Oppgåva er likevel nokso uttømande, og dekkjer, so langt som råd, kvart einaste tilfelle.

4.2 Adjektiv på *-an*

Endinga *-an* er endinga på gamalnorsk for sterke adjektiv i eintal hankjønn akkusativ. Colbert (1999, s. 282) peikar på dette som ein arkaisme, men ho er likevel i ei slags særstilling. I dei danske visene kan ho – redusert til *-en* – nemleg dukka opp i mest alle adjektiv, same kva kjønn og kasus og særleg etter preposisjonar. Ho vart truleg halden for å vara rytmen og vekslinga mellom trykksterke og trykksvake stavingar i eldre balladar, og lagt til i nyare balladar for å oppnå denne rytmen. Det same har hendt med dei norske folkevisene. Denne bruken har då truleg oppstått på eit tidspunkt då akkusativ og dativ hadde falle saman, i minsto i adjektivsbøyinga, i sein gamalnorsk tid eller i mellomnorsk tid. Det ser ein av at formene på *-an* kan stå i preposisjonsfrasar som i gamalnorsk ville hatt adjektivet i dativ, ikkje berre etter preposisjonar som òg i gamalnorsk ville styrt akkusativ og gjeve adjektiv på *-an*. Sidan har forma spreitt seg og vorte nytta av folk som noko typisk for balladespråket, utan omsyn til ekte historiske tilhøve. Til sist har adjektiv som endar på *-an* vorte oppfatta av kvedarar som ein naturleg del av balladespråket, skilt frå det vanlege daglespråket.

Adjektiv på *-an* kan dimed i dei einskilde tilfella anten vera grammatiske drag som har halde seg frå gamalnorsk tid, eller dei kan vera nyvinningar frå seinare tider grunna på eit syn på kva tradisjonelt balladespråk er, gjerne påverka av dansk og norsk-dansk skriftradisjon. Det er berre den fyrste typen som kan reknast som arkaisme. Den andre typen kan reknast som arkaisering.

I Rolandsvisa finn ein «fe goan jå» (2.8; 2.88; 1.8) – *ljå* er eit hankjønnord som står etter ein preposisjon, so det stemmer med det ein skulle venta. I Rolandsvisa 2.3 finn ein frasen «på den kvitan sand». Dette er eit sjeldsynt tilfelle der eit peikeord eller ein artikkel vert nytta saman med adjektivet i denne forma. I strofe 1.3, som svarar til denne strofa, står det nemleg «paa kvite Sande», som vitnar om ein kasusbruk som vil verta drøfta lenger nede, og som verkar meir autentisk i denne konteksten. Rolandsvisa 2.3 peikar dimed meir i retning av arkaisering enn av ekte arkaisme.

I Bendiksvisa 1 dukkar frasen «raskan Bendik» opp fleire gonger.⁶ Og Bendiksvisa 13.3 og 14.3 byrjar med «de va han ungan Bendik». Sidan Bendik her er predikat, skulle ein

⁶ I Kjølnesvisa heiter han interessant nok «Røsten Bendiksen». Her er det greitt å sjå at frasen «raustan Bendik» har vorte gjort om til eit fullt namn.

venta at ei anna form av adjektivet enn akkusativ vart nytta. Adjektiv til Årolilja nyttar ikkje *-an*, men konsekvent *-e*: «unge Årolilja», «ei skjöne jomfruve». Dette er i tråd med korleis målføret utvikla seg, der *-a* i utljod vart redusert til *-e* for adjektiv i hokjønn eintal ubunden form, som i «unge», eller der *-e* er eit resultat av innskoten vokal, som i «skjöne».

I Falkvorsvisa finn ein frasane «på høgan hest» (1.13; 6.9; 9.9) og «på høgan hatt» (1.14; 9.10). So langt har døma vore det ein ville venta om dei røyndeg var arkaismar. Desse to siste døma er båd hankjønnsord der adjektivet står i oblik form. Men i Falkvorsvisa 5.6, 5.11 og 5.12 står det «stolten fru Elensborg», båd som predikat og direkte objekt. Kjem adjektivet her frå norrønt tid, ville ein venta at det var opphavleg *stolt* og *stolta* (av *stoltr*). I det siste tilfellet ville *stolta* vorte redusert til *stolte*, på same vis som nemnt i førre avsnitt. So ein kan ikkje rekna dette som ein ekte arkaisme.

Falkvorsvisa 5 syner i det heile stor påverknad frå dansk eller norsk-dansk. I 5.7 er «frue» eit hankjønnsord: «han kjender mig for en frue», medan i strofe 5.10 er det hokjønn: «fruva Elensborg». Mange einskildord frå dansk finst her òg, til dømes «de tager av mig mitt hovedguld» og pronomenet «I». Ein slik påverknad kan forklåra denne ugrammatiske bruken av «stolten», som noko henta frå dansk og norsk-dansk lyrisk tradisjon. Det er Bugge som har skriva opp Falkvorsvisa 5. Han er nokso konsekvent og nøyaktig i oppskriftene sine, so alle desse danismane i balladen kjem mest sannsynleg frå kvedaren og ikkje som eit resultat av det norsk-danske skriftspråket åt oppskrivaren, utanom kan henda konsonantsambanda *nd* og *ld* i ord som «kjender» og «hovedguld».

Somme av desse adjektivformene på *-an* er nok ekte arkaismar. Likevel er det mange falske positive i denne kategorien, og mange tilfelle kan ein forklåra med arkaisering, i større grad enn i dei andre kategoriane, skal me sjå. Difor er det interessant at i oppskriftene av Bendiksvisa vert *-an* nytta på ein meir grammatisk korrekt måte, som ymtar om at desse tilfella er ekte arkaismar eller at dei vart til i ei tid då kasussystemet enno eksisterte i bøyning av adjektiv, endå det hadde vorte kraftig forenkla.

I Hemingsvisa har eg ikkje funne nokon døme på adjektiv på *-an*, og dimed kan eg ikkje kommentera meir her. Interessant nok finn ein «på breiom benkjen» og liknande i fleire

oppskrifter av denne visa. Forma *breiom* (norr. *breiðum*) er ei ekte gamalnorsk dativform, og vil verta drøfta meir lenger nede, under kasus.

4.3 Arkaiske einskildord og frasar

Arkaiske einskildord er ord som har halde på den opphavlege eller tilnærma opphavlege gamalnorske skrivemåten og uttala, jamvel om det finst ei nynorsk form av ordet. Det er òg tale om gamalnorske einskildord som har halde seg og som på nynorsk anten er meiningslause eller har ei anna tyding. I båd fall er det ord og ordformer som ikkje vert bruka i daglegtale. Ofte er det vanskeleg å stadfesta om eit ord er arkaisk eller ikkje. Dei yngste oppskriftene er over hundre år gamle, og mange er over hundre og femti år gamle – sjølv sagt vil det vera mange ord som er arkaiske i dag, men som ikkje var det i samtida. Difor vil eg, på oppmoding av Bugge (sjå kapittel 2.1.4.2), støtta meg til ordboka til Aasen og kommentarane hans.

I fleire oppskrifter av Rolandsvisa finn ein verbet *liva*: «vilde han livt sine drenger» (NF XIV.13); «ville han lift sine Drengir» (1.10); og «han ville ha livt sine drenger» (2.13). Landstad (1853, s. 172) kommenterer sjølv at dette kjem av det gamalnorske verbet *hlífa* «spara, skåna». Ordet finst i ordboka til Aasen med denne tydinga og til og med på moderne nynorsk. Hjå Aasen er hovudtydinga likevel å verna mot vêr og vind, og verbet vert ofte nytta refleksivt. Dimed er tydinga på nynorsk meir avgrensa enn på gamalnorsk. Ordet i seg sjølv er dimed ikkje arkaisk, men bruken er kan henda det. Roland hogg med sverdet so mykje for å hindra heidningane frå å skada mennene hans.

Rimordparet «frændi» og «hendi» dukkar opp to gonger i Falkvorsvisa 4, i strofe 1 og 5:

De va Tostein Davison
de va kungens frændi
han fester æ jomfru Bendeli
han gjæve no gull i hendi.
- Riddaren vågar han live sitt for den jomfru – [...]

Ti svara hass kjære moder
gulli bar ho uti hendi
gjer inkje de Falkus Lommansson
fyr Torstein æ kongens frændi.

«Frændi» er den gamalnorske forma av ordet. «Hendi» er dativ eintal av *hǫnd* og er òg arkaisk. Her er eit døme på korleis to ord frå gamalnorsk har halde seg, av di dei er naudsynte for rimet skuld.

Ordet «snjór» dukkar opp i Hemingsvisa GnF I.16 og rimar med «jór»:

Hemingjen rende Snarafjöddi,
saa skí'í skradd paa snjór;
han treiv í kungens akslebein,
saa nasanne gruvla í jór.

Etter ordboka til Aasen (1873) finst formene *snjor*, *snjo* og *snor* i Telemarks-området. Dimed var det levande ordformer på den tida. Likevel er forma «snjór» identisk med den gamalnorske forma av ordet. Heile strofa er meir eller mindre identisk med Hemingsvisa 6.6 (frå Mo). I Hemingsvisa NF XV A.13 er rimorda «snjóre – jorði». Men i dei tilsvarende strofene i Hemingsvisa 3.23 og 4.20 er rimordparet i staden «fjor» og «jor». Med andre ord: I desse to siste oppskriftene renner Heming på fjorden og ikkje på snøen. Lesemåten «snjór» er å føretrekkja ut frå konteksten. Enklare er det å forklåra korleis «snjór» vart til «fjor» enn motsett: I staden for å nytta *sno* eller *snjo* og øydeleggja rimet, har ein bytt det ut med eit anna ord som liknar nok til at rimet heldt seg. Dessutan vitnar dette om at «snjór» røyndleg var arkaisk og ikkje ein del av det vanlege talemålet, i alle fall hjå kvedarane av Hemingsvisa 3 og 4.

I Bendiksvisa NF LX.5 rimar «háge» med «láte»:

Kongin bygger gullbrautinne
báðe bratte og háge:
Den som tore gullbrautinne tröðaða
han skal livið láte.

Det same rimordparet finn ein i variant 6.5: «haage» og «laate». I NF LX.21 og 22 dukkar *høg* opp i det samansette ordet «högelofte». «Háge» og «láte» kjem høvesvis frå gamalnorsk *hávar* (hokjønn akkusativ fleirtal av *hár*) og *láta*. Desse er ikkje fullverdige rimord, men vokalane og trykket er det same og dimed er det godt mogleg at dette rimordparet kjem opphavleg frå gamalnorsk. Det gamalnorske verbet *láta* er opphav til dei to nynorske verba *å låta* ('gje ein ljod') og *å lata* (her: 'tapa, missa'). Desse er to ulike verb og kan ikkje nyttast om kvarandre i dag. Bruken av «láte» her er dimed arkaisk og har truleg halde seg for å halda fast ved rimet.

I variant 9.4, som er den same strofa, er rimordparet «haage» og «late»:

Kongen bygger Gullbrautine
de baate bratte og haage
den som tore Gullbrautine tröda
den skal Livi late.

Strofa er meir eller mindre identisk med NF LX.5, men no er ikkje rimet der lenger.

Bruken av «late» er meir i tråd med nynorsk. Her òg dukkar forma *høg* opp, i «Højelofti» i strofe 20 og 21. Dette støttar opp om «háge» og «láte» både som arkaiske ord og eit arkaisk rimordpar.

Men i variant 1.1 står det:

Kungjen læte byggje gullbrautinne
båe bratte å vie:
«dæn som dei i löyndom tröer,
sko' han låte liv.»

På gamalnorsk ville dette rimordparet vore *víðar* og *líf/lífit*. Det rimar mest på nynorsk (*vide–livet*), men ikkje i like stor grad på gamalnorsk. Likevel skal ein ikkje vera for snøgg med å seia at denne strofa er ei omdikting av den tidlegare nemnde strofa. Å ta opp att strofer med endringar i vers 2 og 4 med nye rimordpar hender ofte i balladetekstene og særleg i Bendiksvisa, jf. Bendiksvisa NF LX.1–2; 4–5 og 7–8; og Bendiksvisa 9.1–2 og 4–5.

I oppskriftene av Bendiksvisa finst det mange ulike variantar av ordet *kongen*. Berre i Bendiksvisa 1 finn ein «kungjen» (1.1; 1.3), «kongjen» (1.1; 1.19; 1.24), «koningjen» (1.18; 1.19; 1.20) og «koningen» (1.20; 1.22; 1.38). I Bendiksvisa 2 finn ein òg både tostava og trestava variantar: «kongjen» (2.1; 2.3; 2.19; 2.44; 2.45) og «koningen» (2.17; 2.20; 2.21; 2.46). I dei fleste andre oppskriftene dukkar berre den tostava forma opp i ulike variantar, anten som *kongen*, *kongjen* eller *kongin*. Det kjem ikkje heilt fram i notata og utgreiinga av transkripsjonssystema, men det er naturleg å tenkja at i variantane med konsonantsambandet *ngj* skal uttala vera [ŋj] eller til og med [jŋ], men i variantane med berre konsonantsambandet *ng* skal uttala vera [ŋ] eller [ŋg]. I praksis kan det vera litt tilfelleleg korleis skrivemåtane er fordelte i tekstmaterialet, og særleg i Bendiksvisa 1 og 2 ser det ut til at anten kvedaren, oppskrivaren eller båe ikkje har vore konsekvente. Av større interesse er skilnaden på dei tostava og trestava variantane. Den trestava varianten dukkar berre opp i frasen *Serklands koningen*, truleg av rytmiske

grunnar. Og namnet *Serkland* sjølv dukkar berre opp i denne frasen, bortsett frå i frasen *Serklands droningen* i den siste strofa av båe Bendiksvisa 1 og 2.⁷ Det kan tyda på at den trestava forma *koningen* ikkje er «levande» hjå dei samtidige, men at ho er ein arkaisme som berre dukkar opp i denne frasen. Elles lyt ein leggja merke til at frasen står alltid i slutten av verset og aldri i ei line som rimar.

Det kan òg vera at eit gamalnorsk ord har vorte meiningslaust, i konteksten, og so har vorte endra og tolka om til eit ord som lyder likt. Rolandsvisa XIV.1 gjev kan henda eit døme på dette. Landstad har her:

Sex mine sveinar heime vera
göyme deð gullið balde,
dei aðre sex pá heiðningslándo
röyne dei jönni kalde!

Landstad nemner i ein fotnote varianten: «gull i Bolle». Båe variantane finst elles i materialet. Aasen (1873) nemner ordet «bald» i ordboka si. Han legg til at det finst i gamle folkeviser og kjem frå gamalnorsk *baldinn*, som tyder ‘djerv, modig’. Opphavleg har det nok i Rolandsvisa lydt *baldit*, eit adverb avleidd av adjektivet. «Balde» er her eit døme på ein arkaisme og kan forklåra opphavet til varianten «gull i bolle». På eitt tidspunkt gjekk adjektivet *balden* ut or bruk, so då kvedarane møtte på ordet i Rolandsvisa, endra dei det til «gull i bolle», som høyrest mest ut som «gullið balde». Det verkar unaturleg å gøyma gull i bollar og skåler, men reint semantisk er det ei setning som er meiningsberande. Kvedaren har dimed sjølv drive med eit restitusjonsarbeid for å gje teksta meaning der ho hadde gått tapt.

I tekstmaterialet er det truleg fleire slike restitusjonar. Er han godt gjennomført og integrert i balladeteksta, vil han vera vanskeleg eller mest umogleg å oppdaga, minder ein finn den «forvanska» eller «korrupte» varianten ein annan stad. Dømet i førre avsnitt er det mest openberre dømet i dette utvalet av balladetekster.

4.4 Arkaiske stadnamn og personnamn

I Rolandsvisa slåst dei på ein stad som vert kalla *Ronsevollen*, *Rusarvollen*, *Rusarvodden* eller liknande. I den gamalnorske *Karlamagnús saga* heiter staden

⁷ *Serkland* viser i den gamalnorske litteraturen til landa åt maurarane og til dei muslimske landa i Nord-Afrika og Midtausten, som alle i det gamalnorske verdsbiletet var eitt og same folk.

Runzival. Namnet på staden der Karl den store og Roland slost mot baskarane, er *Roncevaux* på fransk og *Roncevalles* på spansk. Den siste helvta av namnet, som på båe måla tyder «dalane», har på eit tidspunkt vorte omtolka til *voll*, det er ei grasslette. Den fyrste helvta har anten vorte oppfatta som eit særnamn eller som avleidd av verbet *runsa* eller *rusa*, båe med tydinga 'å fara fram, å storma'. Dalen Roncevaux som Karl den store måtte ri gjennom på veg heim, har vorte endra til slagmarka Ronsevollen som kong Magnus drog ut til for å slåst på. Endringa av namnet fylgjer tett endringa av sjølve handlinga i balladen.

I dei aller fleste oppskriftene av Rolandsvisa er ingen andre nemnde med namn utanom Roland sjølv og kongen Magnus. Likevel hender det stundom. Rolandsvisa 8.1 lyder so:

De hev ingjen komi på Runsevollen
 som hev vori Rolands makje
 feutta han Ivar Æringjen
 når han va i sin beste brakje.

Dette er den einaste gongen denne *Ivar* dukkar opp. Namnet *Ivar* var populært i mellomalderen (Kruken og Stemshaug, 2013, s. 278). *Yvoire*, i *Karlamagnús saga* kalla *Iforas* eller *Ive*,⁸ var ein av paladinane eller dei tolv jamningane åt Karl den store. Dessutan liknar namnet *Ivar* på *Oliver*, som er ein viktig figur i saga om Roland, både i den franske og den norrøne tradisjonen. Jamvel om *Ivar* er eit sjølvstendig norsk namn utan samband med *Yvoire* og *Oliver*, er det sannsynleg at desse to franske namna er grunnen til at *Ivar* er med i Rolandsvisa i det heile.

NF XIII heiter «Ivar Erlingen og riddarsonen» og er den visa som kjem rett før Rolandsvisa i boka åt Landstad. Han seier at denne visa berre finst på norsk (Landstad, 1853, s. 157). I TSB høyrer ho til visetype E102 «Galit lækjer far sin» som finst på norsk og færøysk. Namnet åt Ivar Erlingen der er normert til *Ívint Herintson* (TSB, s. 242). Interessant nok finst det ingen oppskrifter i Balladearkivet. På norsk er det soleis ei dårleg dokumentert vise. Hovudpersonen vert òg kalla *Iving*, *Iven* og *Eivind* (Landstad, 1853, s. 157). Spørsmålet er om det er Rolandsvisa som har lånt frå «Ivar Erlingen», eller om det er motsett, eller om båe låner frå ei sams kjelde. I ljøs av det

⁸ I *Karlamagnús saga ok kappá hans* er namna transkriberte som *Iforas* og *Ive*. Det same gjeld *Jvun* som vert nemnd seinare. Det er openbert at dette er ein rein skriftkonvensjon og at det er vokalen *i* som er meint.

Landstad og TSB seier, ser eg på dei to siste alternativa som meir sannsynlege enn det fyrste. Same kva tilfellet er, so tykkjer eg at det ikkje endrar analysen i førre vers so mykje. Skulle *Ivar* (eller *Ivan*, sjå nedanfor) ha kome inn frå NF XIII, er det framleis ein namnelikskap med *Karlamagnús saga* som kan vera med på å forklara kvifor nett dette namnet kom inn hit. Då vert sambandet mellom Rolandsvisa 8 litt veikare, men det er framleis noko der.

Elles i Rolandsvisa 8, i strofe 5, vert kongsdottera Kari nemnt, ein person som òg er nemnd i Rolandsvisa 18. Det tykkjest meg som *Kari* berre er eit vanleg namn som er sett inn berre for å ha eit namn der.

Rolandsvisa 4.2 svarar til Rolandsvisa 8.1. Men Rolandsvisa 4.2 talar om «Ivan Erningjen». Rolandsvisa 12 er på tre strofer og her er ikkje Roland nemnd i det heile. Det er Ivan den sterke som er hovudpersonen, slik ein ser i strofe 1 og omkvedet:

De sloges upp på Rusarvollen
dei skjeiebrøanne tvo
å alt so såg di bitrebranden flate
på Ivan sterke låg.
– Ivan sterke rie so glatt igjennom borgji –

Namnet *Ivan*, det vil seia den russiske forma av namnet *Johannes*, er ikkje kjent i Noreg før 1823 og var mest ikkje nytta før ut i 1850-åra (Kruken og Stemshaug, 2013, s. 277). Det var heller ikkje nemneverdig utbreitt i området som balladane kjem frå. Rolandsvisa 12 er frå 1859, frå Brunkeberg i Kvitseid. Difor er det nokso usannsynleg at dette russiske namnet er opphavet til Ivan den sterke i denne balladen. Yvon, på gamalnorsk *Ivun*, derimot, var éin av dei tolv jamningane åt Karl den store. Omstenda gjer at ein lyt sjå på Yvon som opphavet til Ivan den sterke, og at det dimed røynleg er tale om eit arkaisk namn.

Rolandsvisa 12 og 13 inneheld namn som elles ikkje har noko openbert føremønster i *Le Chanson de Roland* eller *Karlamagnús saga*. Rolandsvisa 12.2 nemner «Iddugjen», ein figur frå ei anna kjempevis, Kappen Illugen (E140), med den lokale ljodovergangen *ll > dd*, og strofe 3 nemner Guro som elles berre dukkar opp i Rolandsvisa 13. Guro er eit velkjent namn (av norr. *Guðrún*) som er typisk både for området og for tidsperioden.

Namnet *Gunnulf* vert nemnt i Rolandsvisa NF XIV.4 («Gunulfsljoðið») og 26.1 («Gunnulfs Ljoit»). *Gunnulv* (av norr. *Gunnulfr*) er eit namn kjent frå norsk mellomalder, men det har ikkje vore særleg nytta sidan det. Ein ville venta å finna formene *Gunnu* og *Gunnuv*, som båe er typiske for området og perioden (Kruken og Stemshaug, 2013, s. 209). Dette er likevel ikkje heilt beint fram. Landstad er jo nokso normerande i oppskriftene, so det kan vera at det var nett *Gunnuv* som vart sunge. NF XIV.4 nemner her ein variant: «Konungsljoðit». I Rolandsvisa 1.4 står det «Skonninges Ljaa» og i Rolandsvisa 2.4 «Sonnålsljoe»; båe desse strofene svarar til NF XIV.4. Desse variantane peikar på at kjennskapen til namnet, anten det var *Gunnulf* eller *Gunnuv*, gjekk tapt eller har vore vanskeleg å skjøna. Gustav Storm (1874, s. 219) identifiserer denne Gunnulf med *Ganelon*, ein viktig figur i segna om Roland. I *Karlamagnús saga* heiter den same figuren *Guinelun*. Det Storm seier, er at det framande namnet *Ganelon/Guinelun* har vorte bytt ut med eit namn som høyrdest likt, jamvel om det ikkje eksisterer noko etymologisk samband mellom dei. Sjølve dette fenomenet er kjent. Det har tydeleg vore vildring kring kven denne Gunnulf var, truleg tidleg i overleveringa, og namnet har vorte forvanska og endra.

Stemmer det at Gunnulf opphavleg var Guinelun jarl, slik Storm (1874, s. 219) argumenterer for, gjev det truverd til tanken om at figurane Ivar og Ivan, som vart nemnde tidlegare, er baserte på eller inspirerte av Yvoire, Oliver og Yvon. I desse tilfella er det ljodlege spranget endå mindre enn med *Guinelun* > *Gunnulf*.

Bendiksvisa NF LX talar om domkyrkja i Skåne, som må vera Lund domkyrkje. Skåne er geografisk nær Danmark og var som kjent dansk fram til 1600-talet. Det passar godt med at handlinga i Bendiksvisa ligg i «Seland» eller Sjælland i Danmark. I Bendiksvisa 8 er det derimot tale om «domkyrkja i Tråndhjem», som sjølv sagt er Nidarosdomen i Trondheim. Nidarosdomen var kjend i heile Europa som ein namngjeten valfartsstad, der helgekongen Olav låg. At Lund er geografisk eller kulturelt nærmare staden der balladen truleg har oppstått, etter Jonssons teori, talar ikkje naudsynleg for at Skåne er det opphavlege stadnamnet i balladen. Det er likevel rimeleg å tru at det nett er so. Det er lettare å forklåra at *Skåne* har vorte til *Trondheim* då balladen spreidde seg vestover og nordover i Noreg, enn det motsette.

Det er verdt å merkja seg at *Skåne* og *Tråndhjem* har like mange stavingar, same tonegang og står baa i stillingar i verset der dei ikkje rimar med noko anna.

4.5 Bøying av verb i tal og modus

Aasen (1864, s. 193–194) seier at i fleire dialektar vert verb bøygde etter tal i presens, med éi eintalsform og éi fleirtalsform. Fleirtalsforma i presens er identisk med infinitivsforma, med *ero* (av *vera*) som det einaste unnataket. For sterke verb finst det eigne fleirtalsformer i preteritum, men desse er meir sjeldsynte, seier Aasen. I vesttelemålet er fleirtal presens mykje bruka (Ross, 1906, s. 33). Bøying etter person har falle heilt bort eller er særst sjeldsynt. Konjunktiv har òg falle bort som ein eigen modus med eigne bøyingsformer og overlever berre i faste ord og vendingar. Bøying av verb i tal, person og modus må ein dimed rekna som arkaismar, kan henda med unnatak av bøying i presens fleirtal, som var eit levande språkdrag på 1800-talet i Setesdal og Telemark. Dette draget er nokso ustøtt, og det er tydeleg at somme talarar har hatt det gjennomført i målet sitt, andre berre delvis. For somme har talbøying kvorve heilt. Slike fleirtalsformer dukkar ikkje opp i utvalet av balladar i særleg stor grad. Det dukka i alle fall opp mindre enn eg hadde tenkt før eg tok til denne etterrøknaden, mest av di fleirtalssubjekt er meir sjeldsynte i desse folkevisene enn eintalssubjekt.

I fleire av folkevisene finst ei eiga form for imperativ fleirtal, som er verbstommen + *-e*. I Falkvorsvisa finn ein «de stande up alle mine gode Hofmenn» (1.16), «gangje heimatte» (4.22) og «de takje av meg mitt hovegull» (3.10). Det kjem tydeleg fram i dette siste dømet av di målet åt folkevisene er jamvektsmål med både *a*-infinitiv og *e*-infinitiv, so ein skulle venta «de taka» om det var fullkome samanfall mellom infinitiv og imperativ fleirtal. Legg òg merke til palataliseringa i «gangje», som er annleis frå infinitiv «gange» utan palatalisering på grunn av ulikt opphav i gamalnorsk. Forma «takje» dukkar for resten òg opp i Bendiksvisa 8,12. I Falkvorsvisa 5.7 finn ein den danske imperativsforma «de tager». Det er rett nok ei form som minner mykje om eldre mellomnorsk 2. person fleirtal *taker* (Indrebø, 1951, s. 256). Som nemnt tidlegare syner Falkvorsvisa 5 so mykje dansk påverknad elles at det er meir sannsynleg at dette er ei heildansk form og ikkje ein rest av gamalnorsk.

I Falkvorsvisa 1.8–9 står det «De taka af meg mit Hovudgull», og dette vert då ei fleirtalsform i notid. No er endinga her ein trykklett vokal i utljod, og det kan røyneleg

vera vanskeleg å skilja ein *e* frå ein *a* i slike omstende i tale. Men *k* føre er ikkje notert som palatalisert, som stør opp om at det er ei ekte presens fleirtalsform og ikkje berre den vande imperativ fleirtal *takje*. I konteksten er imperativ den mest naturlege lesemåten: Frua Mendelin bed tenestejentene ta av henne hovudpryden slik at Falkvor ikkje skal kjenna henne att. Å endra dette verbet til presens endrar likevel ikkje innhaldet eller gangen i forteljinga nemneverdig. At det likevel er so, kan tyda på ein feil hjå oppskrivaren.

I denne same oppskrifta dukkar det opp eitt anna verb i presens fleirtal: «Hestane stande i Adelsgaard» (1.12). Forma «stende» er òg med, då som presens eintal: «up stende Falkvor Lommanson» (1.1). «Stande» kunne lett vore endra til «stende» etter di dei har like mange stavingar og ei slik endring ikkje ville påverka rim eller rytme. Det styrkjer inntrykket av at fleirtalsformene var fullt levande her.

Falkvorsvisa 3.21 er nokso unik, av di ein her finn to ulike former av det same verbet:

Bryllaupe heve me drukkji
å brure den hava me mist
so såre syrgjer Tostein Davidson
som fuglen på lindekvist.

I målføre der ein held på skilnaden mellom verb i eintal og i fleirtal, er forma «hava» den korrekte bøyinga i fleirtal presens (evt. avstytt *hava* > *ha*'). Kvedaren har fyrst nytta eintalsforma «heve» og endra dette i neste line. Ei forklåring kan vera at midtvegs i strofa retta han på seg sjølv etter fyrst å ha sagt det feil. Den enklaste og greiaste forklåringa er at kvedaren har medvite eller umedvite endra på verbet til den eldre og meir «korrekte» forma midtvegs i songen, utan at det ligg noko meir i det. Eller det kan vera det faktisk er tilfelleleg at det vart so. Sidan fenomenet syner seg berre her, lyt ein ikkje la det vega tungt, og ein lyt heller ikkje gjera det til ein stor del av analysen elles.

I nokre fåe av oppskriftene av Rolandsvisa finn ein verbet *å vera* i preteritum fleirtal: «alle so voro dei blå» (8.4); «å bære so våre di blaute» (12.3) og «alle so voro de blå» (13.1), som alle synleg kjem frå norrønt *váru*. I Rolandsvisa 8.2 finn ein dessutan «slogos», jamfør norrønt *slógust*, preteritum 3. person fleirtal av *slást*, som i alle dei andre oppskriftene av Rolandsvisa har forma *sloges/slogest*. Bøying av sterke verb i preteritum i fleirtal var enno levande somme stader på dette tidspunktet, ifylgje Aasen, og er det enno til denne dag i Hallingdal og Valdres. Ut frå kommentarane til Aasen og

ut frå tekstmaterialet sjølv er det tydeleg at talbøying av verb i det heile heldt på å kverva og i stor grad hadde alt kvorve. Eg har ikkje funne tilfelle der fleirtalsforma av verbet har vorte nytta på ein grammatisk ukorrekt måte, det vil seia eit verb i fleirtal med eit eintalssubjekt. Det styrkjer ideen om at det er tale om ekte arkaismar. Med andre ord: Desse tilfella er frå ei tid då desse språkdraga fanst i talemålet, og er ikkje resultat av seinare arkaisering.

I heile tekstmaterialet er det berre i nokre få utvitydige tilfelle at konjunktiv er nytta. Det eine tilfellet er frå Bendiksvisa: «Gud forlaate deg» (1.42), «Gudforláte deg» (4.27) og «Gud forlate deg» (5.27). Det er nok ikkje tilfelleleg at det er i denne situasjonen, og berre denne situasjonen, ein finn konjunktiv. Denne bruken er kjend frå det liturgiske målet åt kyrkja og er nytta jamvel i kyrkje- og bibelmålet i dag. Det er konjunktiv, men det ville nok ikkje vore naturleg for ein talar å nytta denne forma i samanhengar utanom dei med Gud som subjekt. Det er ein spesialisert og avgrensa bruk som eksisterer fritt innføre nokre veldefinerte rammer, men som elles ikkje eksisterer i språket. Det er freistande å skjøna «Gud forlate deg» som ein interjeksjon eller utrop, jamfør skrivemåten «Gudforláte», men uttrykket er meiningsberande: Dronninga talar til kongen, kallar han til bot og omvending og bed om at Gud må tilgje han.

Det andre tilfellet er frå Hemingsvisa: «Gud bære meg for deg» (1.13; 2.12; 4.9). Det er eit uttrykk som framleis finst og vert nytta («Gud betre meg!»). I denne konteksten fungerer det som eit utrop utan djupare teologisk innhald; faren klagar over at Heming, son hans, skal reisa og tevla med kong Harald. I båe desse tilfella er det vanskeleg, eller mest umogleg, å vurdera om uttrykka er opphavlege i balladen, eller om dei er tradisjonelle uttrykk som har funne vegen inn i balladane ei tid etter at dei vart til.

4.6 Kasus

Med omgrepet «kasusbruk» meiner eg fyrst og fremst bruk av dativformer av substantiva. Aasen (1864, s. 133–134) seier at i mange dialektar har kasusformer kvorve heilt. I dei målføra som har kasusformer, er det berre tale om dativ i bunden form, både eintal og fleirtal. Her viser Aasen til levande kasusbruk og ikkje stivna former som berre kjem fram i faste ord og uttrykk. I eit tekstmateriale som balladetekstene kan det vera vanskeleg å stadfesta om kasusbruken er «levande» eller «stivna» i kvart tilfelle.

4.6.1 Dativ fleirtal

I alle folkevisene i utvalet finn ein døme på substantiv med fleirtals dativending *-o(m)*.

I Bendiksvisa finn ein:

- «at Selando» (Bendiksvisa 3.1) og «at Selándo» (NF LX.1)
- «for mine draumo» (1.18)
- «etter vándom» (3.4)
- «frá manno» (11.12; 13.6)

Heile strofa Bendiksvisa 11.12 lyder:

Minnest du, hott du lova meg,
 då du flutte meg ifrá manno:
 du lova, du sill' kje negte meg
 den fyste bøn hell áno [næsten: áno]

Bendiksvisa 13.6 er meir eller mindre lik, med rimparet *manno–áno*. «Manno» er dativ fleirtal bunden form av *mann* (jf. Ross, 1906, s. 18), på gamalnorsk *mǫnnunum*, nytta her med tydinga 'folk' eller kan henda 'familie'. «Án(n)o» er hokjønn eintal av pronomenet *annan* på vesttelemål (Ross, 1906, s. 30), frá gamalnorsk *ǫnnur*. Rimparet styrkjer rekonstruksjonen av *manno* som **máno*, som røyndleg er arkaisk.

I Hemingsvisa finn ein:

- «på skio» (Hemingsvisa 6.1; 9.1), med ulike skrivemåtar (2.1; GnF I.1), i omkvedet.
- «pá eikiskiðo» (NF XV A.14)
- «o naso» (6.3)
- «pá ymisse moddo» (NF XV A.4)
- «með oddo» (NF XV A.4)

I Rolandsvisa finn me:

- «paa Laando» (Rolandsvisa 1.1–2) og «heiðningslándo» (NF XIV.1)
- «ta Rolands Haando» (1.13)
- «uti heio» (2.9)
- «i fjøllo» (24.1; 47.1)

- «af sveino» (NF XIV.1, variant i fotnote)

Frå Falkvorsvisa har ein:

- «fer Bergjo» (Falkvorsvisa 1.24)
- «i Haando» (1.13)

Alle desse formene vert nytta i samband med preposisjonar, og eg har ikkje funne døme der eit ord med denne endinga står som indirekte objekt i setninga. Eg har ikkje funne nokon former som bryt med dei gamalnorske reglane for bruk av dativ.

4.6.2 Dativ hankjønntal

I utvalet finn ein òg fleire døme på hankjønntal i dativ eintal. Ross (1906, s. 18) seier at ubunden dativ eintal av hankjønntal er vanleg i somme talemåtar og gardsnamn, og at bunden dativ eintal av hankjønntal er lite bruka, utan i balladane og somme talemåtar.

Dativ eintal er i det heile ei utrygg form. Eintalsformene er meir arkaiske enn fleirtalsformene, som var meir bruka, skal me tru Ross.

Bendiksvisa 8.7 lyder so:

Dei ba fyr unge Bendik
så mange, som bea viste,
engilen av himerike
å fuglen av lindekviste.

Ut frå konteksten er det naturleg å seia at «lindekviste» er bunden form og dativ.

I Hemingsvisa finn ein:

- «paa Tinde» (Hemingsvisa 3.14; 2.18)
- «paa Toppi» (3.15) og «paa Toppe» (2.17)
- «av himli» (9.2; GnF I.15; i 2.18 «af Himli»)

Alle desse døma er òg i bunden form. I Hemingsvisa NF XV B.1 finn ein «benki» som truleg er dativ; eg vil drøfta dette tilfellet, og heile frasen ordet er ein del av, på neste side.

Frå Rolandsvisa har ein:

- «for blogga munne» (Rolandsvisa 2.17)

- «av gare» (2.17)
- «mæ Lure sine» (1.4)

«Av gare» (*av garde*) er her ein formelfrase eller talemåte med tydinga «av stad» eller «i veg». «For blogga munne» (eigenleg *for blodiga munne*) er truleg, etter den same logikken som ovanfor, bunden form.

Rolandsvisa 1.4 har «mæ Lure sine». Ikkje berre er «Lure» i dativ bunden form eintal, men eigedomsordet «sine» er tostava. Det går truleg attende til gamalnorsk *sinum*, som er den einaste forma av *sinn* i hankjønn eintal som har to stavingar. Heile frasen kan ein rekonstruera som *með luðrinum sínum*.

I Falkvorsvisa dukkar det opp:

- «utaf Garde» (Falkvorsvisa 1.4)
- «av gare» (8.7)
- «av gari» (3.14; 6.4)

Av garde er som nemnt ein talemåte, men i Falkvorsvisa rid dei jo bokstavleg bort frå garden. Denne frasen kan dimed vera frå ei tid då dativ vart nytta, og er ikkje naudsynleg ein formelfrase som har kome inn etter at bruk av dativ kvarv.

Alle desse tilfella av dativ eintal er utfyllingar til preposisjonsfrasar og ikkje indirekte (eller direkte) objekt. Reint praktisk kan ein rekna *garde* og *gardi* som ulike transkripsjonar eller realiseringar av den same grammatiske forma med det same morfemet, som etter normert norrønt ortografi vert skrive *-inum*. Sidan har endinga vorte redusert til *-i*. Ein kan rekna lukka *i* som meir arkaisk enn open *i* eller lukka *e*, men det gjeld helst i trykktung staving. Her kjem problematikken kring skiljet mellom open *i* og lukke *e* oppatt, som drøfta tidlegare.

4.6.3 Dativ hokjønn eintal

Dativ eintal ubunden form av gamalnorsk *hond* er *hendi*. I Falkvorsvisa finn ein «i Hende» (1.10), «i horri hende» (3.11), «ikring hendi» (3.11), og «i hendi» (4.1; 4.4; 4.10). Til samanlikning finn ein i Rolandsvisa «ta Haande» (1.11), «ta Rolands Haandi» (1.12) og «oto hande» (2.14). Her er Falkvorsvisa litt meir arkaisk enn Rolandsvisa. Rolandsvisa 1.11 lyder:

Dæ va Roland Konungs=Frænden
 tos væra stæd i Vaande,
 «Gud, aa Gud, aa Maria Moir
 dei dræge mæg Sværi ta Haande.»

Denne strofa svarar til Rolandsvisa 2.14, som lyder:

De va R[oland] kungjens frænden
 han tottest vera stedd i vände
 Gud å Gud å Maria mor
 dei draga meg svære oto hande.

Rimordparet *vände*–*hände* ymtar om at *hände* er i si opphavlege form her. Strofa har truleg vorte til i ei tid då det var vanleg eller i minsto akseptabelt ikkje å nytta den gamalnorske forma *hendi*, eller den seinare forma av dette ordet, *hende*. Ordforma *hände* må vera laga analogisk og ha vorte til med vokalisme frå nominativ/akkusativ-forma *hånd* < norr. *hǫnd*.

I Bendiksvisa 1 er det fleire hokjønnsord som ser ut til å ha hankjønnsending:

Æ'dæ ei skjöne jomfruve,
 som står för dören min (Bendiksvisa 1.8)
 Her æ ingjen i denne verden (1.12 og 1.14)
 Her æ ingjen i denni verden (1.13)
 Fram kom Serklands dronningen (1.31)

I denne dialekten, som i alle nynorske dialektar utanom bergensk, har *-n* i utljud i bunden form eintal av hokjønns substantiv kvorve. Det er ikkje openbert kva som har hendt her. Det er mogleg at dette beint fram kjem av påverknad frå norsk-dansk felleskjønn, anten hjå kvedaren eller oppskrivaren. Med «i denne verden» kan vera dativ: Gamalnorsk dativ *verǫldinni* har vorte redusert til *verden* /¹væ:ren/ slik nominativ *verǫldin* elles har vorte til *verdi* /¹væ:ri/. Det er verdt å nemna at i dialektar med dativ fell dativ hokjønn eintal ofte saman i form med nominativ hankjønn eintal.

I Bendiksvisa 1.31 er «Serklands dronningen» subjektet. Det verkar tolleg usannsynleg at *-n* i utljud i den gamalnorske nominativsforma *dróttningin* skulle halde seg her, særleg når han har kvorve elles. Det minner meir om dativ. På same vis som med «denne verden» i førre avsnitt kan gamalnorsk *dróttninginni* godt ha vorte til *dronningen*. Det var stor vildring kring formverket i mellomnorsk tid, men det verkar likevel noko usannsynleg at eit subjekt endar opp i dativ. I so fall ville det vore det

einaste tilfellet der dativ vert nytta på ein grammatisk ukorrekt måte. I dette høvet tykkjer eg at dansk påverknad er meir sannsynleg. *Drotning*, vanlegvis uttala *dronning* (Aasen, 1873, s. 115), var jo eit ord som fanst i talemålet, men det er nokso «høgstemt» og ikkje kvardagsleg. I slike tilfelle kan bokforma, på dansk, ha påverka form og uttale.

I Bendiksvisa 1.8 er den aktuelle frasen del av eit rim:

Æ'dæ ei skjöne jomfruve,
som står för dören min,
så hev eg på meg silkjeserkjen
å slæpper hennar inn.

Ordet *dyrr* på gamalnorsk var alltid i fleirtal, so den opphavlege frasen ville vore *fyrir dyrunum mínum*. På eit tidspunkt vart ordet oppfatta som eintal og bøyggt slik, so det ville vorte **dyrinni minni* som vart til *døren min* på nynorsk.

4.6.4 Dativ inkjekjønns eintal

For inkjekjønnsst substantiv i bunden form eintal er det berre tonem som skil nemneform (kombinert nominativ-akkusativ-form) frå dativ, jamfør ¹*huse*, ¹*husi* ('huset', nom.) og ²*huse*, ²*husi* (dat.) (Ross, 1906, s. 18). Tonem er strengt teke ikkje skrive ned i dette tekstmaterialet, og dimed er det ikkje godt å avgjera eintydig kva som er meint. Det er fleire døme der det kan vera tale om dativ, som til dømes «ifrå bori» (Falkvorsvisa 4.17), «av landi» (Falkvorsvisa 4.23) og «fe Sværi» (Rolandsvisa 1.9), for å nemna somme. Det er rimeleg å tru at i fleire av desse tilfella er det tale om dativ, basert på bruken av dativ i hankjønns og hokjønns eintal. Diverre er det informasjon som tekstmaterialet sjølv ikkje formidlar.

4.6.5 Adjektivet *breiðum*

Den fyrste strofa av Hemingsvisa NF XV B lyder so:

Harald sit á breiðum benki
rósar hann af sine menn:
eg veit inki líkin min
úfödd'e sá er han enn.
Hemingen unge kunnað á skiðo renne.

Frasen «á breiðum benki» dukkar opp i fleire ulike variantar mellom oppskriftene: «paa breium Benkin» (Hemingsvisa 3.1); «på breiom benkjen» (4.1); «paa Breiombænkjen» (1.1). Det er tydeleg at dette er dativ eintal og kjem av den gamalnorske frasen *á*

breiðum bekki eller *á breiðum bænki*. *Benk* og variantane her er alle i bunden form, og «benki» er i tillegg dativ eintal. «Breiðum» og variantane av dette ordet viser ein bruk av dativ av adjektiv som ikkje finst jamvel i dei dialektane som har levande dativbruk, og må dimed kallast ein rein arkaisme. I Hemingsvisa 1 har frasen vorte oppfatta som eit særnamn, som namnet på ei trone eller ein kongestol.

Andre variantar av denne strofa lyder:

Kungen sit fyre breie bóri (GnF I.1, jf. 6.1)

Harald sade i breje Padden (5.1)

Kong Harald sat i breie Padden (7.1).

Elles er strofa meir eller mindre identisk med NF XV B.1. Her sit kongen anten ved bordet eller på ein pall, men adjektivet er i alle høve bøygt etter nynorsk mønster. «Bóri» kan anten tolkast som bunden nemneform eintal, eller bunden eller ubunden dativ eintal. Utan markering av tonelag kan ein ikkje avgjera det (jf. Ross, 1906, s. 18).

Sjølvfråværet av artikkelen *den* eller *det* føre frasen kan vera eit arkaisk drag, ettersom ein på gamalnorsk hadde ein friare bruk av bundne og ubundne former enn ein har på nynorsk. Likevel er det noko som stundom dukkar opp i dialektane, og det er ein veletablert konvensjon i lyrikken, både historisk og i dag. Dessutan er det utbreitt på svensk.

4.6.6 Motdøme på bruk av kasus

Bruk av kasus er ikkje konsekvent gjennomført i materialet og dukkar ikkje opp i alle oppskriftene. Det lyt vera klårt. For ordens skuld kan det vera tenleg å visa at i oppskrifter med bruk av kasus er ikkje bruken heilt gjennomført, ved å visa til motdøme. Fråværet av motdøme kan indikera at språkdraget er levande og konsekvent gjennomført. Ein skal likevel ikkje leggja for stor vekt på fråvære av motdøme, for balladetekstene er nokso stutte, og det er avgrensa kva slags frasar som dukkar opp.

Når det er sagt, finst det somme motdøme: I oppskrifter av Hemingsvisa med bruk av kasus finn ein «or Nasane» (2.4; 3.4) og «uti Nasane» (2.5; 3.5). I oppskrifter av Falkvorsvisa med bruk av kasus finn ein «paa Heidane» (1.22) og «i Dagane tvaa» (1.22). Her ville ein venta former av substantiva som enda på *-om* eller liknande variantar. I oppskrifter utan bruk av dativ finst det openbert mange slike døme. Det er

tydeleg at bruk av dativ var på veg ut av målet på den tida då oppskriftene vart skrivne opp. Om ein nytta dativ eller ikkje, og i kor stor grad, varierte frå kvedar til kvedar, og dette tilstandet speglar seg att i oppskriftene.

I det heile har eg ikkje funne noko døme på at ei dativform har vorte nytta på ein grammatisk ukorrekt måte (men sjå tilfellet *dronningen* i kap. 4.6.3). Når dativformer fyrst er nytta, er dei nytta korrekt. Som nemnt i delkapittelet om verb, styrkjer grammatisk korrekt bruk av desse språkdraga ideen om at dei røytnleg er arkaismar.

4.7 Eigeomsord føre substantiv i bunden form

I tekstmaterialet dukkar det opp fleire tilfelle der eigeomspronomenet er stilt føre substantivet i bunden form. Døme er «min gangaren» (Falkvorsvisa 4.12) og «min sæle Broren» (Hemingsvisa 3.21). Men det er i Bendiksvisa ein finn flest tilfelle. Der finn ein mellom anna «din hugjen» (Bendiksvisa 1.11), «min kjære faeren» (1.29) og «min faers garen» (13.5). Fenomenet dukkar ikkje opp i det heile i Rolandsvisa. I utgangspunktet er ikkje dette eit gamalnorsk eller norrønt fenomen, og ein lyt rekna det som ugrammatisk på nynorsk og ugrammatisk eller i minsto svært uvanleg på gamalnorsk.

Dette fenomenet er ikkje heilt ukjent i moderne tid. Olav Aukrust nytta det nokre få gonger i diktinga si, til dømes «min hugen var glad» (Aukrust, 1930, s. 13) og «duld min draumen hev gjennomelda» (Aukrust, 1930, s. 34). Likevel er dette ikkje å rekna som god prosa, og Aukrust har truleg hatt nett desse balladane som føredøme.

I Bendiksvisa dukkar dette aldri opp i ei stilling der ei endring ville påverka rimet, til dømes:

«Å höyrer du unge Årolilja,
hot eg deg spyrje må:
Æ hær ingjen i denne verden,
din hugjen leikar på?» (Bendiksvisa 1.11)

Fram k[om] [*sic*] unge Årolilja,
la' seg på sine bare kne:
«höyre du de min kjære faeren,
fangjen gjeve du meg!» (1.29)

«Di æ' eg så tileg ute
eg vi' min mågjen vikje;
dæ tikje meg veslaste vera,

eg må 'kje bryllaupe drikke.» (11.5)

Dæ va' Årolilja
 ho gjenge sin faren imot:
 «Kvi æ' du så tileg ute
 i denne morgosol?» (11.4)

Det dette derimot påverkar, er rytmen. Med eit trykksvakt eigeomspronomen føre får heile frasen ei opptakt: *din hugjen* mot *hugjen din*. Ein kan då spørja seg om denne poetiske ordstillinga er opphavleg, eller om ho har oppstått for å retta opp rytmen etter at noko anna har kvorve. *Far* var opphavleg eit tostava ord, og den bundne forma hadde tre stavingar: *faðir* (ubunden) og *faðirinn* (bunden). Desse formene heldt seg jo lenge, i minsto litterært. Ein kan tenkja seg at i t.d. Bendiksvisa 11.4 vart *sinn faðir* til *sin faren* for å halda på talet på stavingar etter at *faðir* hadde vorte redusert til éi staving.

Det er verdt å merkja seg at i alle døma frå heile tekstmaterialet, som eg har gått gjennom for dette delkapittelet, gjeld dette fenomenet berre eigeomspronomena *min*, *din* og *sin*. Desse orda på gamalnorsk – *minn*, *þinn* og *sinn* – liknar på artikkelen *inn* om ein ikkje tek omsyn til stavingslengd i visse former, til dømes hokjønn *mín* mot *in*, noko dei andre eigeomspronomena ikkje gjer. Likevel passar eigeomspronomenet betre inn semantisk, og i denne konteksten verkar dobbel binding av substantivet unaturleg. Det kjem truleg frå ei tid då norsk språk hadde friare ordstilling, men var jamvel då eit poetisk grep utanom normalspråket.

Ei anna forklåring kan vera at desse formene er eit resultat av svarabhaktivokal eller innskotsvokal som seinare har vorte omforma eller omtolka til bunden form. Til dømes kan det i Bendiksvisa 1.11 opphavleg ha stått *þinn hugr* som sidan vart til *din hug'e(r)*, som igjen seinare vart omgjort til det ugrammatiske *din hugjen*. Er det tilfellet, må *hugr* ('hug') og *mágr* ('måg, svigerson'; Bendiksvisa 11.5) båe ha vore sungne over to stavingar (**huger*, **måger*) frå opphavet av, for å vara rytmen og hindra at to trykksterke stavingar kom rett etter kvarandre. Ein slik innskoten vokal i denne posisjonen er kjend frå gamalnorsk tid. Indrebø skriv at «[i] tala mun innskotsvokalen ha vore heller vanleg i Noreg fyre 1300» (Indrebø, 1951, s. 118). Utljods-*r* kvarv i substantiv og adjektiv i nominativ, men den innskotne vokalen vart ståande att (Indrebø, 1951, s. 119). Dette finst i somme norske dialektar jamvel i dag, m.a. i det målgeografiske området balladane kjem frå (Skjekkeland, 2005, s. 62).

Interessant nok er alle døma på dette fenomenet frå Hemingsvisa mest identiske:

Hoire du dæ min sæle Fairen (2.14)

Hoire du dæ mi [*sic*] sæle Broren (2.25)

Hoyrer du det min sæle Broren (3.21)

Du tar inkji min sæle bróeren (GnF I.9)

Desse døma liknar på si side på Bendiksvisa 1.29 ovanfor. At ein finn heile frasar att i andre ikkje-nærskylde folkeviser, hender stundom. Det kan vera at alle desse tilfella har oppstått uavhengig av kvarandre og berre tilfelleleg er like, men det er meir rimeleg å tru at fenomenet har oppstått éin eller to gonger og so vorte lånt inn i andre viser og overleveringar på eit seinare tidspunkt, særleg når det gjeld eit so spesifikt grammatisk fenomen.

I tekstutvalet finst det somme døme på at substantiv i bunden form har eit substantiv i bunden form med possessiv *-s* knytt til seg, som til dømes «kungjens frænden» (Rolandsvisa 2.14). I nett dette dømet har det truleg opphavleg vore *konungsfrenden*, som i Rolandsvisa 1.11. På eitt tidspunkt vart *konung* til *konge*, og i overleveringa oppstod denne ugrammatiske konstruksjonen for å halda på talet på stavingar og ikkje øydeleggja for rytmen.

Noko likande finn ein i Bendiksvisa 1.18–20 med frasen *Serklands koningjen*. Her er det nok berre tale om eitt ord som har vorte skrive som to; i Bendiksvisa 2.17 står det nemleg skrive *Særklands-Koningen*. Med andre ord er dette ikkje eit resultat av arkaisk grammatikk, men rett og slett ortografi. Det er ikkje noko arkaiserande eller uvanleg med eit uttrykk som *serklandskongen*.

I Bendiksvisa finn ein òg frasen «ifrå min faers gåren» (11.13) og «frå min faers garen» (13.5). *Garde* som dativform av *gard* er kjent, og det dukkar opp i uttrykk som *av garde* nokso ofte. Denne forma, *garde*, har tostavingstonem eller tonem 2, medan *garden* som bunden form eintal har einstavingstonem eller tonem 1. I oppskriftene er det vanskeleg eller ikkje mogleg å sjå kva for eit tonem som er meint, og i song er det ofte ikkje godt å skilja mellom tonema i det heile. Det kan anten vera tale om ei ekte dativform, *garði*, eller *garðr* med innskoten vokal (**garðer*) som seinare har vorte tolka som bunden form, «garen». Om det sistnemnde er tilfellet, talar det for at strofa er frå ei tid då bruk av kasus hadde kvorve og er dimed yngre enn gamalnorsk.

I det heile har ikkje dette fenomenet, det vil seia eigedomsord føre substantiv i bunden form, éi ålmenngild forklåring, og det kjem nok strengt teke ikkje frå gamalnorsk av di det ikkje syner kjend gamalnorsk grammatikk. Samstundes er det lite truleg at det kjem frå nynorsk tid. Det ville vore interessant å undersøkje om dette fenomenet finst i gamalnorske og mellomnorske prosatekster, der rytmske forklåringar ikkje er relevante som her i balladane.

4.8 Anna

I denne kategorien har eg samla språklege drag som eg har vurdert å nytta i analysen. Dei må greiast ut om, og so vil eg forklåra kvifor (eller kvifor ikkje) eg har valt å ta dei med.

4.8.1 Innskoten vokal

Som nemnt før finn ein i telemålet svarabhaktivokal eller innskoten vokal. Denne vokalen er *-e* i utljod i eit tostava ord med einstavingstonem og representerer stort sett alltid gamalnorsk *-r*. Til dømes kjem *stende* /¹sten:e/ frå gamalnorsk *stendr* (presens 3. person eintal av *standa*), via forma *stender*. Denne vokalen finn ein i sterke verb i presens, i hankjønnsst substantiv der nominativsforma vart hovudform og i dei fleste adjektiv i sterk bøyning: *ein* ¹*svarte* ¹*heste* ¹*stende* ¹*å* ¹*ete*. I kor stor grad desse innskotsvokalane er gjennomførte, varierer veldig. Mellom anna står det i Hemingsvisa 1.1 «Harald site» medan i 2.1 og 3.1 står det «Harald sit».

Innskotsvokal i hankjønnsst substantiv, i sterke verb i presens og i adjektiv fanst på den tida balladane vart skrivne ned (jf. Ross, 1906, s. 18, 25 og 33) og finst jamvel i dag òg (Skjekkeland, 2005, s. 62). Dette er særst gammalt og vart vanleg i norsk mål før 1300 (Indrebø, 1951, s. 118). Då er det ikkje tale om arkaismar.

Det fylgjande har ikkje dukka opp i dette tekstutvalet, men innskoten vokal i sterke verb kan vera tvitydige: *bite* kan representera /¹b:ite/, presens av *å bita*, eller /²bi:te/, presens fleirtal av det same verbet i dialektar som har verbbøyning i fleirtal. Når det fyrste er meint vil oppskrivarane stundom nytta *bit'e*, men ikkje alltid. Informasjon om tonem gjekk stort sett tapt då balladane gjekk frå eitt medium til eit anna, då dei vart skrivne ned.

4.8.2 Innskotne formelfrasar og -vers

Dei same frasane og versa – ja, stundom heile strofer – kan dukka opp i fleire balladeoppskrifter. Dette kan vera formalar henta frå eit felles «forråd»; kvedaren kan henta inn ulike element frå alle dei balladane han kjenner til. Kvedaren kan òg kombinera éin ballade med ein annan. Både desse fenomenene er som regel teikn på at den opphavlege balladen er i oppløysing eller har vorte nokso fragmentert (Bø og Myhren, 2002, s. 58). Målet med slike innlån kan vera so enkelt som å gjera balladen lengre. Av og til var dét eit mål i seg sjølv. Det kan òg vera ein freistnad på restitusjon eller oppattretting av balladen av kvedarane, anten medvite eller umedvite.

Å stadfesta nett kva desse formelfrasane er, kor mykje det er av dei, og kva for nokre balladar det er som har lånt frå kva, er eit omfattande arbeid, og det ville kravt ein omfattande analyse av heile tekstkorpuset. Her lyt det vera nok å seia at for dette balladeutvalet har ikkje oppskrivarane registrert ein utbreitt eller tung bruk av slike formelfrasar og innlånte vers. Det talar ikkje naudsynleg for at balladane er gamle; det seier meir om kor godt tradisjonen har halde seg i nett desse tilfella.

4.8.3 Syntaktiske strukturar

I balladetekstene finn ein ofte setningar med ein setningsstruktur som ikkje er å rekna som vanleg eller naturleg, jamvel om dei ikkje er direkte feil. Eit typisk døme er ein preposisjonsfrase vert flytt tidlegare i setninga, gjerne slik at verbet kjem til sist, som til dømes:

Ded var Falkvor Lommanson
han seg utaf Garde bortreid (Falkvorsvisa 1.4)
hon ut igjennom Vindauga saag (Falkvorsvisa 1.7)
Og Ellen or Nasane fröser. (Hemingsvisa 3.4)

Det hender òg at adjektivet kjem etter substantivet, som til dømes:

Dei are seks på heidningslaando
røyne de jonni kalde (Rolandsvisa 2.1)
Dæ va' raskan Bendik
han va'kje drengjen fælen (Bendiksvisa 1.3)

Jamvel i nynorsk lyrikk i dag hender dette, og det er sett på som ein sjangerkonvensjon. Overdriven bruk av desse konstruksjonane vert likevel rekna som dårleg lyrikk – som ein unaturleg måte å tvinga fram rim og rytme på. Desse konvensjonane finst jamvel den dag i dag. Men kvar kom dei opphavleg frå? Det er rimeleg å tru at dei har oppstått i ei tid der ein hadde friare setningsoppbygnad, altso i gamalnorsk eller tidleg mellomnorsk tid. I so fall vil det seia at sjølve denne setningsstrukturen er ein arkaisme. Men dette er mindre signifikant enn ein fyrst skulle tru. Det er ein struktur som er utruleg lett å etterlikna, og han er òg nyttig å ha. Han gjer det lettare å få teksta til å passa til ein særskild melodi eller å gje henne ein særskild rytme. Setningar med desse strukturane kan meir enn gjerne ha oppstått i nynorsk tid so vel som i gamalnorsk tid.

Av di det er ein so utbreidd sjangerkonvensjon, er det vanskeleg eller ikkje tenleg å nytta dette som ein faktor i datering av språket og av balladetekstene. Med andre ord: Den syntaktiske konstruksjonen er truleg gamalnorsk, men nærværet av ein slik struktur tyder ikkje naudsynleg på at teksta er frå gamalnorsk tid. «Uvanleg» plassering av preposisjonsfrasar og etterstilt adjektiv er gamalnorske språkdrag som har overlevd som sjangerkonvensjonar.

5 Resultat

5.1 Kvalitative funn

Etterrøknaden i denne oppgåva er grunnleggjande kvalitativ. Eg vil ikkje freista å talfesta kor mykje gamalnorsk det finst i balladetekstene eller kor stor del av heilskapen som er gamalnorsk. Dei særskilde funna er gjorde greie for i kapittel 4. Graden av arkaismar i dei einskilde oppskriftene har vorte kommentert og drøfta undervegs.

Balladetekstene er munnlege tekster som vart skrivne ned på 1800-talet, og dei syner eit språk som er frå denne tida. Det er nokso innlysande at språket, vurdert som ein heilskap, er grunnleggjande sett nynorsk. Med det utgangspunktet vert då alle gamalnorske språkdrag noko som er verdt å røkja etter, utforska og forklåra. Eller sagt på ein annan måte: Hadde alle balladeoppskriftene vore heilt gjennomført nynorske, ville det ikkje vore noko studieobjekt her. Det er ikkje tilfellet. Det finst i balladeoppskriftene fleire gamalnorske og mellomnorske drag som viser at balladane er gamle tekster med ei lang historie.

Desse gamalnorske draga dukkar ikkje opp konsekvent. Det er ikkje noko arkaisk grammatisk drag som er konsekvent gjennomført i heile tekstmaterialet, heller ikkje innanfor éi einskild oppskrift, og det varierer dessutan frå oppskrift til oppskrift og frå kvedar til kvedar kor mange arkaismar som er nytta. Dette kan verka som ein banal påstand å koma med; om draga hadde vore heilt gjennomførte, ville ein vel ikkje rekna dei som arkaismar, men som ein del av det ålmenne og daglege språket i samtida, uendra frå eldre tid. Eit drag kunne likevel vera konsekvent gjennomført i balladetekstmaterialet og vanta i det daglege språket nytta på denne tida. I ljøs av dialekten i samtida varierer det likevel kor ofte eit gamalnorsk drag dukkar opp. Ein lyt òg minna om at det har gått kringom 170 år sidan ein stor del av tekstmaterialet vart skriven ned. Kva ein skal rekna som arkaismar på den tida då balladane vart skrivne ned, er ikkje alltid innlysande og påverkar tolkinga av tekstmaterialet.

5.2 Ein lang endringsprosess

Eit utgangspunkt kunne vera at alle gamalnorske drag ville kvorve i den fleire hundre år lange «omsetjingsprosessen». Men dei gamalnorske draga er der og er nokso frekvente med tanke på storleiken åt tekstmaterialet. Med andre ord ser me ein viss grad av

språkleg kontinuitet, frå dei truleg gamalnorske originalane og fram til oppskriftene frå 1800-talet. Det er sjeldan at eit fenomen er heilt unikt. I fleire tilfelle har eg funne arkaismar som etter føresetnad (b) i kapittel 2.2 ikkje laut vera der, av di dei ikkje tener til å vara rimet eller rytmen. Rim og rytme er med andre ord ikkje den einaste mekanismen som hindrar modernisering av språket. Ei streng tolking av føresetnad (b) kan dimed ikkje vera korrekt, og han lyt endrast til:

Rim og rytme er *to av fleire ulike mekanismar* som varar dei eldre orda og ordformene.

Det finst truleg fleire indre grammatiske mekanismar, det vil seia fonotaktiske og metriske mekanismar, i tillegg til ytre mekanismar, som til no ikkje har vorte identifiserte. Vyrndnad og respekt for tradisjonen har, etter alt å døma, vore ein faktor som har hindra språket frå å endra seg like mykje som daglegspråket. Dessutan er balladane innlærde tekster, der ein freistar å reprodusera det ein har høyrte. Lat dette vera ei oppmoding til vidare etterrøknader.

I alle fall peikar dette på at i prosessen der balladen vert omforma frå gamalnorsk til nynorsk, hender ikkje alt på éin gong eller på ein slik måte at alt endrar seg i same takt. Med andre ord ber tekstmaterialet preg av å ha vore overlevert over lang tid, av fleire personar på ulike stader. Overleveringa har vore geografisk avgrensa, men ho ser ikkje ut til å ha vore avgrensa til éin familie, éin sosial krins eller éin skule av kvedarar. Det var røyndleg ein levande munnleg tradisjon, med ei heller stor mengd av utøvarar.

Dette er innlysande, av di me kjenner namna åt kvedarane og ser at dei kjem frå ulike familiar, ulike stader og levde på ulike tidspunkt.⁹ Denne etterrøknaden viser òg at dette er tilfellet, ut frå språklege og andre poetiske drag. Tradisjonen har vore munnleg og med stor variasjon. Han har vore liten, men ikkje litterær og sentralisert. Han har oppstått og utvikla seg naturleg og er ikkje «konstruert» eller «tillaga» som eit reint nasjonalromantisk prosjekt i nyare tid.

⁹ Sjå «Vil du meg lyde». *Balladsångare i Telemark på 1800-talet* (2011) av Jonsson.

6 Vidare drøfting

6.1 Den poetisk-metriske kvaliteten

Balladane viser det Hallvard Lie (1967, s. 42) kallar «radikal taktblanding», eit kjenneteikn på germansk folkedikting frå mellomalderen og like opp til moderne tid. I utvalet her er alle strofene oppbygde av fire vers, og versa vekslar mellom fire og tre trykkunge stavingar: fire trykkunge i vers nr. 1 og 3 og tre trykkunge i vers nr. 2 og 4. Dessutan har alle balladane i utvalet, utanom Rolandsvisa, eit omkvede på eitt vers med om lag fem trykksterke stavingar. Det som gjer taktblandinga so radikal, er at talet på stavingar i kvart vers varierer, fråstanden frå trykkung til trykkung staving varierer, og ofte må ein lesa orda på ein unaturleg måte for å få verset til å passa til dei tradisjonelle dansemelodiane. Strofa har det tradisjonelle balladerimet med enderimskjemaet oaoa, der andre og fjerde vers rimar og fyrste og tredje vers står urima (Lie, 1967, s. 114). Det er vanskeleg å vurdera kor strenge krava til enderimet var i mellomalderen, for Lie skriv:

Å dømme efter de senere opptegnelser vi har av denne diktningen, har fordringene til rimet vært meget lempelige. Vi må nok regne med at folkevisene i den form vi har dem i dag, ikke gir et fullt pålitelig inntrykk av de rimkrav som gjaldt dengang de ble diktet. (Lie, 1967, s. 96–97)

Alt dette vil seia at dårleg takt eller rytme ikkje er naudsynleg eit resultat av tekstkorupsjon eller språkleg forvanskning. Mellomalderen var ei anna tid med andre krav til lyrikk, og diverre er det vanskeleg å seia nett kva desse krava var, særleg for reint munnlege sjantrar.

Likevel var det krav til rim og rytme. Ser ein til dømes på Falkvorsvisa 1.4:

Ded var Falkvor lommanson
han seg utaf Garde burtreid
ded grodde ki Grasi paa 15 aar
der hans graa Gangare steig.

Det er liten grunn til å tvila på at rimordparet «burtreid» og «Gangare steig» er opphavleg. Diftongen er den same, og konsonanten i utljod i desse orda har anten kvorve eller har ein tendens til å kverva. «Burtreid», som til vanleg har to trykksterke stavingar, må lesast her som ein jambe når ein les det utan musikk, men det er korkje uhøyrte eller uventa. Ein kan samanlikna med Bendiksvisa 13.3:

De va han ungan Bendik
han gjenge seg nete mæ stetto
å de vi' eg for sanningji seie,
kungjen sjav han møtte.

Rimordparet «stetto» og «møtte» strekkjer grensa for kva ein kan rekna som eit godt rim, jamvel i balladediktinga. Dessutan minner det andre verset her om eit vers ein finn att i ulike variantar av «Beltevisa» (F46) og «Draumkvædet». Det er dimed meir sannsynleg at dette er ei form for korrupsjon og forvansking enn at det førre dømet er det. Noko liknande finst i Falkvorsvisa 1.13, den same oppskrifta som vart nemnd ovanfor:

Ded var Falkvor Lommanson
han gordest i Haando sterk
han tok Fruga Mendelin
og sette'a paa höyan Hest.

Rimordparet «sterk» og «Hest» verkar tvilsamt. I beste fall er dette eit naudrim. Med tanke på resten av denne oppskrifta er inntrykket likevel at strofa er improvisert eller nydikta som resultat av språkleg korrupsjon eller tap av den opphavlege teksta.

6.2 Språkleg leik og arkaisering

Ein skal heller ikkje undervurdera i kor stor grad kvedarar endra eller manipulerte balladetekstene, berre av di dei kunne (sjå delkapittel 2.5.3 over). Å syngja balladar og viser var ein kunst og ein leik. I framføringar av balladar kan ein lett sjå føre seg at kvedarane laga nye strofer, sette inn strofer frå andre viser og laga nye ord og uttrykk. Dimed finst det eit nyskapande og kreativt element i den munnlege overleveringa som det er vanskeleg å gjera greie for. Det handlar òg litt om kor «seriøst» kvedaren tek balladen, og om hovudfokuset hans eller hennar er å reprodusera balladen nøyaktig, eller å syngja og spela for å skapa frygd og gaman hjå tilhøyrarane.

Kan henda er somme av dei observerte arkaismane og andre grammatiske og leksikalske særtrekk eit resultat av ein kvedar som har leika seg med språket. I det tilfellet kan noko tilfelleleg sjå ut som noko arkaisk. I klassisk filologi ser ein på den skriftlege overleveringa og går ut frå at avskrivaren har freista å gje att den teksta han hadde føre seg, etter beste evne, i tillegg til anten å leggja til tekst, ta bort tekst eller flytta på tekst. Det er rimeleg å gå ut frå at både kvedar og oppskrivar har vore nokso seriøse i

oppskrivingsprosessen, og at kvedaren har sunge fleire gonger, i minsto om oppskrivaren tykte det var naudsynt. Alle som driv med song og musikk, har opplevd at ting ikkje alltid går slik ein hadde tenkt, at ein syng eller spelar feil eller må improvisera for «å henta seg inn att». Slik improvisasjon eller slike reine mistak frå kvedaren kan ha vorte fanga opp av oppskrivaren utan at han var klår over nett kva det var som hende. Det er naturleg å tenkja seg at kvedaren og oppskrivaren tala om dette, og at oppskrivaren nemnde slikt i notata eller tekstapparatet. Sanninga er likevel at ein veit lite om kommunikasjonen mellom kvedar og oppskrivar, anna dei fåe gongene oppskrivaren sjølv tykte det var naudsynleg å nemna noko. Tilhøvet mellom oppskrivar og kvedar er dimed ibuande ubalansert, av di me i dag berre har tilgang til det oppskrivaren valde å ta med og gje ut.

For å stadfesta om arkaismane er ekte arkaismar eller berre kvedarar som har endra balladetekstene fritt, må ein sjå på kor konsekvente desse endringane er, både i kvar ballade og i heile tekstmaterialet. Kan ein forklåra arkaismane på ein naturleg og enkel måte etter filologiske og lingvistiske prinsipp, er det truleg ekte arkaismar. Det er viktig å presisera «etter filologiske og lingvistiske prinsipp», for vert forklåringa for enkel eller lettvind, rører ein seg fort bort frå vitskap og over i folkeetymologi. Og det er alltid viktig å ha føre seg at berre av di ein kan forklåra eit fenomen, vil det ikkje naudsynleg seia at det er den einaste forklåringa på korleis det kan ha hendt. Men me har som vitskapsfolk inkje anna alternativ enn å søkja den einfeldaste og mest sannsynlege forklåringa, ut frå dei kunnskapane me elles sit med.

6.3 Kor konsekvente er arkaismane?

Går ein gjennom tekstmaterialet, vil ein sjå at bruken av ulike fenomen er for systematisk til at det er tale om at kvedarar har funne på alt i kvart tilfelle. Og det er i alle fall for systematisk til å vera eit resultat av den nasjonalistiske slagsida åt oppskrivarane. Med det meiner eg at det er naturleg å gje den same forklåringa til dei same fenomen, og dimed er det ikkje tilfelleleg. Alternativet må då vera at alle eller nesten alle arkaismar identifiserte her er resultat av tilfelleleg variasjon, og at dei berre ser ut som å vera ein del av ein større samanheng. Dette synet er korkje vitskapleg eller filosofisk berekraftig. Det kan vera liten tvil om at fleirtalet av arkaismane er ekte arkaismar.

Forklaringa, i dei fleste tilfelle, finn ein ved å gå attende til gamalnorsk. Unnataka er adjektiv på *-an*, som ser ut til å vera meir arkaiserande enn arkaismar, og eigedomsord føre substantiv i bunden form. I den større samanhengen spring både desse likevel ut frå gamalnorsk; dei er «språklege fotavtrykk» som vitnar om gamalnorske tilhøve.

Fenomena er systematiske, men dei er samstundes berre ein liten del av heilskapen. Det er nok til å stadfesta med noko visse at balladane har vorte til i gamalnorsk tid eller i overgangen frå gamalnorsk til nynorsk tid, det vil seia i mellomnorsk tid. Ingen av balladane i utvalet ber preg av å ha vorte til, i sin heilskap, i nynorsk tid slik at alle gamalnorske språkdrag er eit resultat av ein reint arkaiserande tendens. Balladane har tydeleg vorte moderniserte til samtidsspråket, etter måten godt gjennomført, men moderniseringa har ikkje vore so radikal eller so ekstrem som ho kunne vore. Det peikar på at endringane har hendt gjennom ei naturleg utvikling over lang tid, og at dei ikkje, som ein heilskap, er resultatet av at éin einskild person eller éi lita gruppe personar handla på eitt tidspunkt, det vere seg kvedarar eller oppskrivarar.

7 Konklusjon

I det utvalet av balladar som har vore etterrøkt i denne oppgåva, finst det fleire døme på språklege arkaismar. Mange av dei ovrar seg i stillingar der ei endring av den gamalnorske forma til den nynorske ville øydelagt eller påverka rim og rytme negativt. Men dette er ikkje dei einaste tilfella der arkaismar finst; dei ovrar seg òg i situasjonar der det reint metrisk-poetisk ikkje er nokon openberr «grunn» til at dei skulle ha halde seg og ikkje vorte endra til nynorsk. Rim og rytme er dimed ikkje noko som forklårar alle tilfella av arkaismar, jamvel om dei forklårar mange. Og i somme tilfelle verkar det som oppskrivaren eller kvedaren sjølv har konstruert eller ført inn ei uhistorisk arkaisering som eit språkleg eller poetisk verkemiddel.

Dei gamalnorske draga, og andre særtrekk i det heile, er ikkje so dominerande at me kan tala om eit eige «balladespråk» i eigentleg tyding. Språket er i all hovudsak den dialekten som vart tala av folket på den tida og på den staden balladen vart oppskriven, og «balladespråk» viser meir til språklege og lyriske konvensjonar og ein spesialisert stil enn til eit eige fullverdig mål med ein grammatikk, syntaks og eit ordtilfang som skil seg markant frå kvardagsspråket nynorsk.

Likevel er det fleire gamalnorske arkaismar i utvalet, og det finst nok av dei til at ein kan seia at balladetekstene har røter attende til gamalnorsk tid, seinast kringom 1350. Den poetiske tradisjonen desse balladane står i, er endå eldre. Bendiksvisa, med den franske riddarromansen som føremønster, og Falkvorsvisa, ei forteljing om eit brurerov i 1288, er truleg dei eldste balladane i dette tekstutvalet og kan henda somme av dei eldste i det heile. Rolandsvisa og Hemingsvisa er baa atforteljingar av kjende norrøne soger på denne nye lyriske forma og er truleg litt yngre. Ettersom balladane har endra seg i tråd med samtidsspråket gjennom ulike overleveringar, vert det litt vanskeleg, og ikkje alltid tenleg, å tala om «kor gamal» ein ballade er, som om det fanst éi opphavleg kanonisk form som alle andre uttrykk for balladen freistar å etterlikna. Balladen og balladestrofene kan vera særst gamle, jamvel om den konkrete rekkjefylgja åt strofene kan vera noko yngre. Heile strofer har kvorve, og andre har vorte lagde til med tida. Likevel finst det ein «kjerne» i den særskilde balladen som har halde seg, meir eller mindre, på tvers av tid og stad sidan den balladen vart skapa.

Balladane var munnlege tekster som vart overleverte munnleg. Ein kan tala om når dei oppstod fyrste gong og når den munnlege tradisjonen kvarv. Dei nedskrivne norske mellomaldervisene er, strengt teke, frå 1800-talet, for det var på det tidspunktet dei vart feste i skrift i den forma me kjenner dei i dag. Likevel er det klart at dei står i ein tradisjon som går attende til den norske mellomalderen. Både form, innhald og den historiske konteksten vitnar om det. Og det gjer òg dei språklege arkaismane som finst i dei.

8 Litteraturliste

Aukrust, O. (1930 [posthumt]) *Solrenning*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag. Tilgjengeleg frå: https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2017061207023 [henta: 29.4.2023]

Blom, Å. G. og Bø, O. (1973) *Norske balladar*. Oslo: Det norske samlaget.

Bugge, S. (1858) *Gamle Norske Folkeviser*. Christiania: Feilberg & Landmarks Forlag. Tilgjengeleg frå: https://books.google.no/books/about/Gamle_Norske_Folkeviser.html?id=fGUAAAAAcAAJ&redir_esc=y [henta: 20.4.2023]

Bø, G. og Myhren, M. (2002) *Draumkvedet. Diktverket og teksthistoria*. Oslo: Novus Forlag.

Colbert, D. W. (1999) «The Birthplace of the Ballad» i *Sumlen. Årbok för vis- och folkmusikforskning. 1992-1993* (1999), s. 279-284. Stockholm: Svenskt visarkiv og Samfundet för visforskning.

Dale, J. A. ([1934] 1965) *Rolandskvadet. Andre utgåva*. Oslo: Det norske samlaget. Tilgjengeleg frå: https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2015110507023 [henta: 5.5.2023]

Dokumentasjonsprosjektet (1997) *Balladearkivet*. Tilgjengeleg frå: https://www.dokpro.uio.no/ballader/lister/arkiv_gml.html [henta: 20.4.2023]

Indrebø, G. ([posthumt] 1951) *Norsk målsoga*. Bergen. Tilgjengeleg frå: https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2010110808058 [henta: 29.4.2023]

Johannesen, G. (1993) *Draumkvede 1993*. Oslo: Det Norske Samlaget. Tilgjengeleg frå: https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2007111904079 [henta: 29.4.2023]

Jonsson, B. R. (1991) «Bråvalla och Lena. Kring balladen SMB 56» i *Sumlen. Årbok för vis- och folkmusikforskning. 1989* (1991), s. 49-167 (kapittel 1-6). Stockholm: Svenskt visarkiv og Samfundet för visforskning.

Jonsson, B. R. (1992) «Kring Sophus Bugges balladuppfattning» i Hødnebo, F. m. fl. (red)(1992) *Eyvindarbók. Festskrift til Eyvind Fjeld Halvorsen*, s. 138-168.

Universitetet i Oslo. Tilgjengeleg frå: https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2007110800003 [henta: 29.4.2023]

Jonsson, B. R. (1993) «Bråvalla och Lena. Kring balladen SMB 56» i *Sumlen. Årbok för vis- och folkmusikforskning. 1990-1991* (1993), s. 163-467 (kapittel 7A og 7B).

Stockholm: Svenskt visarkiv og Samfundet för visforskning.

Jonsson, B. R. (2011) «Vil du meg lyde». *Balladsångare i Telemark på 1800-talet*. Oslo: Novus forlag.

Jonsson, B. R., Solheim, S. og Danielson, E. (red.) (1978) *The Types of the Scandinavian Medieval Ballad*. Oslo: Universitetsforlaget. Tilgjengeleg frå:

https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2016010807627 [henta: 29.4.2023]

Jónsson, G. (red.) (1946-7) *Íslendingasögur I-XII*. Tilgjengeleg frå:

http://www.heimskringla.no/wiki/%C3%8Dslendinga_s%C3%B6gur

Kruken, K. og Stemshaug, O. (2013) *Norsk personnamleksikon*. 3. utgåva. Oslo: Samlaget.

Landstad, M. B. (1853) *Norske Folkeviser*. Christiania: Chr. Tønsbergs Forlag.

Tilgjengeleg frå:

https://books.google.no/books/about/Norske_folkeviser.html?id=MKMKAAAAQAAJ&redir_esc=y [henta: 20.4.2023]

Lie, H. (1967) *Norsk verslære*. Oslo: Universitetsforlaget. Tilgjengeleg frå:

https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2013011106018 [henta: 29.4.2023]

Liestøl, K. (1915) *Norske trollvisor og norrøne sogor*. Kristiania: Olaf Norlis Forlag.

Tilgjengeleg frå: <https://archive.org/details/norsketrollvisor00lies> [henta: 20.4.2023]

Mortensson-Egnund, I. (1927) *Grunnsteinen i norsk bokheim*. Oslo: Cammermeyers

Boghandel. Tilgjengeleg frå: https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2015012708131 [henta: 29.4.2023]

Olrik, A. (1908) «Episke Love i Folkedigtningen» i Kristensen, M. og Olrik, A. (red.) (1908) *Danske Studier*, s. 69-89. København: Det schuboeske Forlag. Tilgjengeleg frå: <https://danskestudier.files.wordpress.com/2018/06/1908.pdf> [henta: 20.4.2023]

Ross, H. (1906) *Norske bygdemaal. II. Vest-Telemaal*. Christiania: i kommisjon hos Jacob Dybwad. Tilgjengeleg frå: https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2010061506017 [henta 4.5.2023]

Semb, K. (1991) *Norske folkedansar. Songdansar*. Oslo: Norges Boklag/Det Norske Samlaget.

Skjekkeland, M. (2005) *Dialektar i Noreg. Tradisjon og fornying*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Storm, G. (1874) *Sagnkredsene om Karl den Store og Didrik af Bern hos de nordiske folk*. Kristiania: Den norske historiske forening. Tilgjengeligg frå: <https://archive.org/details/sagnkredseneomka00stor/page/n5/mode/2up>

Telemark historielag (1995) *Telemark historie nr. 16*.

Unger, C. R. (red.) (1860) *Karlamagnús saga ok kappá hans*. Tilgjengeleg frå: https://heimskringla.no/wiki/Karlamagn%C3%BAs_saga_ok_kappa_hans

Aasen, I. (1864) *Norsk Grammatik*. Christiania: P. T. Mallings Forlagsboghandel. Tilgjengeleg frå: https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2006112000041 [henta: 4.5.2023]

Aasen, I. (1873) *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*. Christiania. Tilgjengeleg frå: https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2013122026001 [henta: 29.4.2023]

9 Biletliste

Forside: Munthe, G. (1909) *Det gule hår*, veggteppe. Tilgjengeleg frå:

<https://digitaltmuseum.no/021068390703/det-gule-har-veggteppe>

Figur 1. Frå Blom, Å. G. og Bø, O. (1973) *Norske balladar*. Oslo: Det norske samlaget, s. 374.

Vedlegg I: Oversyn over oppskrifter av Bendiksvisa frå Balladearkivet

- [variant 1:](#) Oppskrift 1856 av Sophus Bugge etter Anne Lillegård, Lårdal, Eidsborg .
- [variant 2:](#) Oppskrift 1847 av Jørgen Moe etter Anne Lillegård, Eidsborg, Lårdal, Telemark .
- [variant 3:](#) Oppskrift 1864 av Sophus Bugge etter Eivind Talleivson Hougjen, Eidsborg, Telemark .
- [variant 4:](#) Oppskrift udatert av ukjent samler etter ukjent sanger, uten lokalitet .
- [variant 5:](#) Oppskrift udatert av ukjent samler etter ukjent sanger, uten lokalitet .
- [variant 6:](#) Oppskrift 1911 av Rikard Berge etter Eivind Audversækre, Høydalsmo, Lårdal, Telemark .
- [variant 7:](#) Oppskrift udatert av Ketil Kvaale etter ukjent sanger, Telemark .
- [variant 8:](#) Oppskrift 1856 av Sophus Bugge etter Signe Storgård, Lårdal, Telemark .
- [variant 9:](#) Oppskrift udatert av M. B. Landstad etter Bendik Felland, Skafså, Mo, Telemark .
- [variant 10:](#) Oppskrift 1912 av Rikard Berge etter Hæge Findreng, Kviteseid, Telemark .
- [variant 11:](#) Oppskrift 1857 av Sophus Bugge etter Gunnhild Jørgensdatter Dårelaupe, Lårdal, Telemark .
- [variant 12:](#) Oppskrift udatert av ukjent samler etter ukjent sanger, Finnmark. .
- [variant 13:](#) Oppskrift 1867 av Sophus Bugge etter Hæge Dalen, Lårdal, Telemark .
- [variant 14:](#) Oppskrift 1867 av Sophus Bugge etter Hæge Olsdatter Dalen, Høydalsmo, Telemark .
- [variant 15:](#) Oppskrift 1913 av Johanna Berge etter Svein Rui, Fyresdal, Telemark .
- [variant 16:](#) Oppskrift udatert av Sophus Bugge etter Elen Rolleivstad, Fyresdal, Telemark .
- [variant 17:](#) Oppskrift 1864 av Sophus Bugge etter Eivind Talleivsson Haugjen, Eidsborg, Lårdal, Telemark .
- [variant 18:](#) Oppskrift 1916 av Rikard Berge etter Ingebjørg Staulen, Seljord, Telemark .
- [variant 19:](#) Oppskrift udatert av ukjent samler etter ukjent sanger, uten lokalitet .
- [variant 20:](#) Oppskrift udatert av Sophus Bugge etter Anne Bruhær, Mo, Telemark .
- [variant 21:](#) Oppskrift 1911 av Rikard Berge etter Ingebjørg Mjaugedal, Lårdal?, Telemark .
- [variant 22:](#) Oppskrift udatert av ukjent samler etter ukjent sanger, uten lokalitet .
- [variant 23:](#) Oppskrift 1863 av Sophus Bugge etter ukjent sanger, uten lokalitet .
- [variant 24:](#) Oppskrift 1863 av Sophus Bugge etter Hæge Soli, Fyresdal, Telemark .

- [variant 25:](#) Oppskrift 1898 av Johannes Skar etter ukjent sanger, uten lokalitet .
- [variant 26:](#) Oppskrift 1863 av Sophus Bugge etter Hæge Soli, Fyresdal, Telemark .
- [variant 27:](#) Oppskrift 1891 av Moltke Moe etter Hæge Bjønnemyr, Mo, Telemark .
- [variant 28:](#) Oppskrift udatert av Johannes Skar etter Margit Tveiten, Grungedal, Vinje, Telemark .
- [variant 29:](#) Oppskrift udatert av Sophus Bugge etter Aslaug Askedalen, Vrådal, Kviteseid, Telemark .
- [variant 30:](#) Oppskrift udatert av Johannes Skar etter ukjent sanger, Bygland, Setesdal .
- [variant 31:](#) Oppskrift 1915 av Rikard Berge etter Kari St. Dale, Seljord, Telemark .
- [variant 32:](#) Oppskrift udatert av Sophus Bugge etter Aslaug Midbön, Moland, Fyresdal, Telemark .
- [variant 33:](#) Oppskrift 1891 av Moltke Moe etter Torbjör Ripilen, Mo, Telemark .
- [variant 34:](#) Oppskrift 1913 av Rikard Berge etter Guro Fossjord, Kviteseid ?, Telemark .
- [variant 35:](#) Oppskrift 1867 av Sophus Bugge etter ukjent sanger, uten lokalitet .
- [variant 36:](#) Oppskrift 1906 av Rikard Berge etter Lars Bratterud, Lårdal, Telemark .
- [variant 37:](#) Oppskrift 1913 av Rikard Berge etter Margit ?, Telemark .
- [variant 38:](#) Oppskrift udatert av H. Ross etter ukjent sanger, Veum, Fyresdal, Telemark .
- [variant 39:](#) Oppskrift udatert av Rikard Berge etter Augund Strond, Seljord?, Telemark .
- [variant 40:](#) Oppskrift 1859 av Sophus Bugge etter Astrid Breivik, uten lokalitet .
- [variant 41:](#) Oppskrift 1845 av Sophus Bugge etter ukjent sanger, Mo, Telemark .
- [variant 42:](#) Oppskrift 1889 av Moltke Moe etter Gro Sjøheim, Åsgrend i Mo, Telemark .
- [variant 43:](#) Oppskrift 1891 av Moltke Moe etter Hilleborg Guttormsdotter Brække, Seljord, Telemark .
- [variant 44:](#) Oppskrift 1910 av Rikard Berge etter Gunnhild Torleifsdotter, Seljord, Telemark .
- [variant 45:](#) Oppskrift 1919 av Rikard Berge etter Sigrid Snusbakken, Seljord, Telemark .
- [variant 46:](#) Oppskrift udatert av Sophus Bugge etter ukjent sanger, uten lokalitet .
- [variant 47:](#) Oppskrift 1913 av Rikard Berge etter Sigrid Veamyrane, Fyresdal, Telemark .

[variant](#) Oppskrift 1918 av Torleiv Hannaas etter Olav Eivindsson Austad, Bygland,
[48:](#) Setesdal .

Vedlegg II: Oversyn over oppskrifter av Hemingsvisa frå Balladearkivet

- [variant 1:](#) Oppskrift udatert av Jörgen Moe etter ukjent sanger, Telemark .
- [variant 2:](#) Oppskrift 1847 av Jörgen Moe etter Bendik Ånonson Fælland, Mo, Telemark .
- [variant 3:](#) Oppskrift 1847 av M. B. Landstad etter Bendik Fælland, Mo, Telemark .
- [variant 4:](#) Oppskrift 1867 av Sophus Bugge etter Åni Auversækre, Høydalsmo, Lårdal, Telemark .
- [variant 5:](#) Oppskrift udatert av M. B. Landstad etter Harald Smedal, Seljord, Telemark .
- [variant 6:](#) Oppskrift 1856 av Sophus Bugge etter Hæge Årmedi, Mo, Telemark .
- [variant 7:](#) Oppskrift udatert av Olea Cröger etter ukjent sanger, Telemark .
- [variant 8:](#) Oppskrift 1914 av Rikard Berge etter Katrine Lidsplassen, Mo, Telemark .
- [variant 9:](#) Oppskrift 1856 av Sophus Bugge etter Mikkjel, bror til Hæge Årmedi, Mo, Telemark .
- [variant 10:](#) Oppskrift 1919 av Rikard Berge etter Eirik Dale, Seljord, Telemark .
- [variant 11:](#) Oppskrift 1856 av Sophus Bugge etter Olav Profetli, Mo, Telemark .
- [variant 12:](#) Oppskrift 1913 av Rikard Berge etter Torgeir Veamyrane, Fyresdal, Telemark .
- [variant 13:](#) Oppskrift 1867 av Sophus Bugge etter Steinar Gibøen, Rauland, Telemark .
- [variant 14:](#) Oppskrift 1867 av Sophus Bugge etter Steinar Gibøen, Rauland, Telemark .
- [variant 15:](#) Oppskrift 1910 av Torleiv Hannaas etter Ola Åmundsen Ljosdal, Sirdal, Vest-Agder .
- [variant 16:](#) Oppskrift 1910 av Torleiv Hannaas etter Ola Åmundsen Ljosdal, Sirdal, Vest-Agder .
- [variant 17:](#) Oppskrift 1910 av Torleiv Hannaas etter Ola Åmundsen Ljosdal, Sirdal, Vest-Agder .
- [variant 18:](#) Oppskrift 1857 av Sophus Bugge etter ukjent sanger, Telemark .
- [variant 19:](#) Oppskrift 1861 av Ludvig.M.Lindeman etter Bendik Fælland, Skafså, Mo, Telemark .
- [variant 20:](#) Oppskrift 1857 av Sophus Bugge etter Anne Lillegård, Mo, Telemark .
- [variant 21:](#) Oppskrift 1910 av Rikard Berge etter Eivind Audversækre, Høydalsmo, Lårdal, Telemark .

- [variant 22:](#) Oppskrift 1861 av Ludvig.M.Lindeman etter Ola Håvarson Birkeland, Bygland, Aust-Agder .
- [variant 23:](#) Oppskrift udatert av Sophus Bugge etter Olav Berkeland, Telemark .
- [variant 24:](#) Oppskrift udatert av Johannes Skard etter Torbjørn Skomedal, Sætesdal .
- [variant 25:](#) Oppskrift udatert av Johannes Skard etter ukjent sanger, Sætesdal .
- [variant 26:](#) Oppskrift av Johannes Skard etter ukjent sanger, Austad, Byggland, Sætesdal .
- [variant 27:](#) Oppskrift 1917 av Rikard Berge etter Anne Svinom, Seljord, Telemark .
- [variant 28:](#) Oppskrift udatert av Sophus Bugge etter Olav Berkeland, Telemark .
- [variant 29:](#) Oppskrift udatert av Johannes Skard etter Torbjørn Skomedal, Sætesdal .

Vedlegg III: Oversyn over oppskrifter av Rolandsvisa frå

Balladearkivet

- Oppskrift 1840-årene av Olea Crøger etter Laurantz Groven, Seljord,
[variant 1:](#) Telemark .
- [variant 2:](#) Oppskrift 1867 av Sophus Bugge ukjent sanger, uten lokalisering .
- [variant 3:](#) Oppskrift, udatert av Olav Grasberg, ukjent sanger, Kviteseid, Telemark .
- [variant 4:](#) Oppskrift, udatert, med ukjent hand i M. B. Landstads samlinger, ukjent, ukjent lokalitet.
- [variant 5:](#) Oppskrift, udatert, med ukjent hand i M. B. Landstads samlinger, ukjent sanger, uten lokalisering .
- [variant 6:](#) Oppskrift, udatert, i Landstads samlinger etter Gr. Olsen, uten lokalisering .
- [variant 7:](#) Oppskrift 1845 i Landstads samlinger etter Svein Gunnulsson, ukjent.
- [variant 8:](#) Oppskrift 1867 av Sophus Bugge etter Steinar Gibøen, Rauland, Telemark .
- [variant 9:](#) Oppskrift, udatert, av G. O. Greve, ukjent sanger, uten lokalisering .
- [variant 10:](#) Oppskrift 1856 av Sophus Bugge etter Signe Storgård og T. Rulland, Lårdal, Telemark .
- [variant 11:](#) Oppskrift, udatert, av Sophus Bugge, ukjent sanger, Seljord, Telemark .
- [variant 12:](#) Oppskrift 1859 av Sophus Bugge etter Eirik Odden, Brunkeberg, Telemark .
- [variant 13:](#) Oppskrift 1863 av Sophus Bugge etter Lars Lofthus, Tuddal, Telemark .
- [variant 14:](#) Oppskrift 1863 av Sophus Bugge etter Søvei Halvorsdotter Hågåviken, Tuddal, Telemark .
- [variant 15:](#) Oppskrift, udatert, av M. B. Landstad, ukjent sanger, ukjent lokalitet .
- [variant 16:](#) Oppskrift, udatert, av Rikard Berge etter Birgit Uppigard Vaa, Rauland, Telemark .
- [variant 17:](#) Oppskrift, udatert, av M. B. Landstad, ukjent sanger, ukjent lokalitet
- [variant 18:](#) Oppskrift, udatert, av Sophus Bugge etter Thor Sveinsson Sopanstad, Høidalsmo, Telemark .
- [variant 19:](#) Oppskrift, udatert, av Johannes Skar, ukjent sanger, uten lokalitet .
- [variant 20:](#) Oppskrift 1912 av Rikard Berge etter Knut Dale, Tinn, Telemark .
- [variant 21:](#) Oppskrift 1911 av Rikard Berge etter Aanund Randbekkhaugen, Mo, Telemark .
- [variant 22:](#) Oppskrift 1891 av Moltke Moe etter Hæge Bjønnemyr, Mo, Telemark .
- [variant 23:](#) Oppskrift 1891 av Moltke Moe etter Ånund Sigursli, Froland, Telemark .

- [variant 24:](#) Oppskrift 1857 av Sophus Bugge etter Margjit Lavransdatter, Dalane i Kviteseid, Telemark .
- [variant 25:](#) Oppskrift udatert, av Olea Cröger ukjent sanger, Seljord, Telemark .
- [variant 26:](#) Oppskrift 1847 (?) av Magnus B. Landstad, ukjent sanger, Telemark .
- [variant 27:](#) Oppskrift, udatert, av L. M. Lindeman, ukjent sanger, Seljord, Telemark .
- [variant 28:](#) Oppskrift, 1863, av Sophus Bugge, ukjent sanger, Tuddal, Telemark .
- [variant 29:](#) Oppskrift 1863 av Sophus Bugge etter Tone Marteinsdotter, Lårdal, Telemark .
- [variant 30:](#) Oppskrift 1863 av Sophus Bugge etter Hæge Soli, Fyresdal, Telemark .
- [variant 31:](#) Oppskrift 1867 av Sophus Bugge etter Aslak Aartveit, Vinje, Telemark .
- [variant 32:](#) Oppskrift, udatert, av Hans Ross, ukjent sanger, Seljord, Telemark .
- [variant 33:](#) Oppskrift, udatert, med ukjent hånd i Hans Ross' samlingar, ukjent sanger, Telemark .
- [variant 34:](#) Oppskrift, udatert, av Johannes Skar, ukjent sanger, Valle, Setesdal .
- [variant 35:](#) Oppskrift, udatert, av Johannes Skar, ukjent sanger, Austad, Bygland, Setesdal .
- [variant 36:](#) Oppskrift, udatert, av Johannes Skar, ukjent sanger, uten lokalisering .
- [variant 37:](#) Oppskrift, udatert, av Johannes Skar, ukjent sanger, uten lokalisering
- [variant 38:](#) Oppskrift, udatert, av Johannes Skar, ukjent sanger, Setesdal .
- [variant 39:](#) Oppskrift 1917 av Torleiv Hannaas etter Knut Jonsson Heddi, Rysstad, Valle, Setesdal .
- [variant 40:](#) Oppskrift 1904 av Rikard Berge, ukjent sanger, Vinje?, Telemark .
- [variant 41:](#) Oppskrift 1915-16 av Rikard Berge etter Hæge Vetlesdatter Tovsland, Grungedal, Vinje, Telemark .
- [variant 42:](#) Oppskrift 1922 av Rikard Berge etter Svein Knutsson Tveiten, Grungedal, Vinje, Telemark .
- [variant 43:](#) Oppskrift 1863 av Sophus Bugge etter ukjent sanger, uten lokalitet .
- [variant 44:](#) Oppskrift 1856 av Sophus Bugge> ukjent sanger, uten lokalitet .
- [variant 45:](#) Oppskrift 1863 av Sophus Bugge etter Ingjebjørge Haugjen Kviteseid, Telemark .
- [variant 46:](#) Oppskrift 1917 av Rikard Berge etter Anne Svinom, Åmotsdal, Seljord, Telemark .

- [variant](#) Oppskrift 1857 av Sophus Bugge
[47:](#) Torbjørg T. Midbøn, Kviteseid, Telemark .
- [variant](#) Oppskrift 1863 av Sophus Bugge etter Asgjær Bergland, Skafså, Telemark .
[48:](#)
- [variant](#) Oppskrift, udatert, av Sophus Bugge etter Torbjørg Haugjen, Mo, Telemark .
[49:](#)
- [variant](#) Oppskrift 1914 av T. Hannaas etter Aslak Olsson Skjeggerud, Tveitstøl i
[50:](#) Åseral / Holsa i Veum .

Vedlegg IV: Oversyn over oppskrifter av Falkvorsvisa frå

Balladearkivet

- [variant 1:](#) Oppskrift 1846 av M. B. Landstad etter Anne Lillegård, Eidsborg, Lårdal, Telemark.
- [variant 2:](#) Oppskrift 1911-12 av Gunnhild Kivle etter ukjent sanger, Seljord, Telemark .
- [variant 3:](#) Oppskrift 1863 av Sophus Bugge etter Jorunn Bjønnemyr, Mo, Telemark.
- [variant 4:](#) Oppskrift 1864 av Sophus Bugge etter Gunnhild Sundsli, Fyresdal, Telemark.
- [variant 5:](#) Oppskrift 1857 av Sophus Bugge etter Elen Rolleivstad, Fyresdal, Telemark .
- [variant 6:](#) Oppskrift 1863 av Sophus Bugge etter Hermo Sætersli, Mo, Telemark.
- [variant 7:](#) Oppskrift udatert av Olav Grasberg etter ukjent sanger, Kviteseid, Telemark .
- [variant 8:](#) Oppskrift 1859 av Sophus Bugge etter Aslaug Midbøen, Fyresdal, Telemark.
- [variant 9:](#) Oppskrift 1863 av Sophus Bugge etter Margjit Kjetilsdotter, Mo, Telemark .
- [variant 10:](#) Oppskrift 1916-17 av Gunnhild T. Kivle etter ukjent sanger, Seljord, Telemark .
- [variant 11:](#) Oppskrift 1911-12 av Gunnhild Kivle etter ukjent sanger, Seljord, Telemark .
- [variant 12:](#) Oppskrift udatert av Sophus Bugge etter ukjent sanger, Skafså, Telemark .
- [variant 13:](#) Oppskrift 1915 av Torleiv Hannaas etter Gunnar Hillestad, Åmli, Aust-Agder .
- [variant 14:](#) Oppskrift 1890 av Moltke Moe etter Gunnvor Dagsbeiti, Telemark .
- [variant 15:](#) Oppskrift 1913 av Rikard Berge etter Aasmund Heggstøyl, Telemark .
- [variant 16:](#) Oppskrift 1864 av Sophus Bugge etter ukjent sanger, Telemark .
- [variant 17:](#) Oppskrift 1863 av Sophus Bugge etter Aasne Spokkeli, Fyresdal, Telemark .
- [variant 18:](#) Oppskrift 1913 av Rikard Berge etter Anne Svolsbru, Telemark .
- [variant 19:](#) Oppskrift udatert av L. M. Lindeman etter ukjent sanger, Mo, Telemark .
- [variant 20:](#) Oppskrift 1910 av Torleiv Hannaas etter Ole Åsmundsen Ljosdal, Sirdal, Vest-Agder.
- [variant 21:](#) Oppskrift 1913 av Rikard Berge etter Torbjør Heidi, Vrådal, Telemark .
- [variant 22:](#) Oppskrift 1863 av Sophus Bugge etter Anne Bruhær, Mo, Telemark .
- [variant 23:](#) Oppskrift 1863 av Sophus Bugge etter Tone Marteinsdotter, Lårdal, Telemark .

- [variant](#)
[24:](#) Oppskrift 1878 av Ivar Mortensson etter ukjent sanger, uten lokalitet .
- [variant](#)
[25:](#) Oppskrift 1910 av Torleiv Hannaas etter Torkjell Asbjödsson
Tonstad, Sirdal, Vest-Agder .

Vedlegg V: Bendiksvisa frå *Norske Folkeviser*

526

LX. Bendik og Árolilja.¹

1. Bendik ríð at Selándo,
vilde han skóða móy;
han var inki lagi til aller kona,
derfyr så laut han døy.
Árolilja!
kvi søve du så lengi?²
2. Bendik ríð at Selándo,
vilde han skóða vív;
han var inki lagi til aller kona
derfyr så lét han lív.
Árolilja!
kvi søve du så lengi?
3. Han var inki i kongens garðe
meire hell mánar tvo,
han lá' seg i með kongins dotter
i så store elsko.
Árolilja o. s. v.
4. Kongin bygger gullbrautinne
báde bratte og breiðe:

¹) Bendik eller Bendiks er en Forkortelse af det latinske Navn Benedictus, d. e. den Velsignede, og er altsaa intet gammelt norsk, men et med Kristendommen og det latinske Sprog indført Navn. Árolilja er derimod tildeels norsk, og er et vakker kjendingsnavn for en kvindelig Skjønhed. Hun kaldes af Andre Hærelilja og atter af Andre Áselilja.

²) Omkvedet lyder ogsaa saaledes: Árolilja (Hærelilja) lét hon lív for elsko.

527

Den som tøre gullbrautinne tróða
han skal etter vøndom leite.³
Árolilja o. s. v.

5. Kongin bygger gullbrautinne
báde bratte og hage:
Den som tøre gullbrautinne tróða
han skal lívið láte.
Árolilja o. s. v.
6. Til svarat unge Bendik,
han stóð inki langt ifrá:
eg tor gullbrautinne tróða
ferutta kongins ráð.
Árolilja o. s. v.
7. Um dagin ríð Bendik i skógin út,
og veider den vilde hind,
um notti søve han hjá jomfruga
under deð kvite lin.
Árolilja o. s. v.
8. Um dagin ríð Bendik i skógin út
og veider den vilde rá,
um notti søve han hjá jomfruga
deð gelder hans lívið pá.
Árolilja o. s. v.
9. In kem kongins líten smádræng,
seje han líðend ifrá:
Bendik trór gullbrautinne
ferutta kongins ráð.
Árolilja o. s. v.

³) Opsøge Ulykken, gjøre sig selv ulykkelig.

10. Deð var danske kongin
han sær sin neve mót borð:
Bendik skal inki livið njóte
um eg vann all verðsens jordi!
Árolilja o. s. v.
11. Lunde kyrkja í Skáne
den er tekte með blý,
Bendik skal inki livið njóte
um den var tri gáungur ny.⁴
Árolilja o. s. v.
12. Lunde kyrkja í Skáne
den er tekte með gull,
Bendik skal inki livið njóte
um den var tri gáungur fall.
Árolilja o. s. v.
13. Deð bað fer han unge³ Bendik
sá mange som hadde mál,
fuglen på vilde kvisten
og dýri, på skógin lág.
Árolilja o. s. v.
14. Deð bað fer han unge Bendik
alt deð som hadde liv,
tréi otur vilde skógin
og blómman í fagraste líð.
Árolilja o. s. v.
15. Deð bað fer han unge Bendik
alt deð som beða kunne,

⁴) Istedet for var burde måske læses gævt, da Meningen tydelig nok er den, at ingen Bod skulde kunne gives for den begangne Brøde. Lunde Kirke i Skåne omtales altsaa her som noget af det Herligste og Største, man kunde tænke sig.

³) Var. raskke.

- mannen utaf mannheimen
og fiskin på havsens bunne.
Árolilja o. s. v.
16. In kom hon Árolilja
falt fyrri sin faðir på kne:
höyre du deð min sæle faðir
fangin sé geve du me!
Árolilja o. s. v.
17. Gakk burt ifrá meg Árolilja!
eg vil deg inki höyre,
deð samer så ille mit góðe sverð
í kvende-blóð at röyre.
Árolilja o. s. v.
18. In kem hon danske dronningi
tárinne rann på kinn:
Eg beð deg kære herren min
at du vil vita meg bön!
Árolilja o. s. v.
19. Du tók meg út af min faðirs gárd
ferutta min faðers ráð,
kvor den bön, som eg deg bað
sille alltið vera ja.
Árolilja o. s. v.
20. Kvor den bön, som du meg beð
skal alltið vera ja,
ferutta Bendik at livið njóte
deð geng eg aldri frá.
Árolilja o. s. v.
21. Sunnan fyrri kyrkja
der laut han Bendik döy,

Norske Folkeviser.

mitt up i högelöfte
der sprakk hon hans véne möy.
Árolilja o. s. v.

22. Sunnan fyri kyrkja
der lét han Bendik liv —
mitt up i högelöfte
der sprakk hon, hans véne viv.
Árolilja o. s. v.

23. Sá lær dei han Bendik sunnan fyri
og Árolilja norðan,
der voks up á deires greffi
tvo fagre ljheblómar.
Árolilja o. s. v.

24. Der voks up á deires greffi
tvo fagre ljhegreinar,
dei kröktest ihóp ivir kyrkjetakid,^o
der stend dei kongin til meinar.
Árolilja o. s. v.

25. Der voks up á deires greffi
dei fagre tvo ljherunnar,
dei kröktest ihóp ivir kyrkjetakid
der stend dei kongin til domar.
Árolilja o. s. v.

26. Hadde eg vist detta jgár
at elsko ha^o vorid så kær,

^o) Var. dei krökte seg in i kyrkjemuren. Den vakre Tanke, som her er udalt finde vi oftere benyttet i de svenske Romancer. Jfr. Arvids. 2, 24. ^oHilla lilla^o.

^oDet växte up lindar på deras graf
de växte så fort med grenar ock blad.

De växte så högt öfver kyrkokam,
det ena bladet tog det andra i famn.

Men strömmen rinder hvit som en lilja.

inkil har Bendik silt livid látid
fer alt deð på jordi er.
Árolilja o. s. v.

27. Svarad danske dronningi,
raan tárir på sylvspenle skó:
Guð forlæte deg herren min!
eter-síðan er du góð.
Árolilja!
kvi söve du så lengi?

